



2023

Årsrapport



HØGSKULEN
I VOLDA

Innhald

Del I: Årsmelding frå styret	4
Del II: Introduksjon til verksemda og hovudtal	7
Del III: Aktivitetar og resultat 2023	10
Del IV: Styring og kontroll i verksemda	23
Del V: Vurdering av framtidsutsikter	29
Del VI: Årsrekneskap 2023	32

Kompetanse for eit betre samfunn

Høgskulen i Volda

Postboks 500
6101 Volda
Telefon: 70 07 50 00
postmottak@hivolda.no

www.hivolda.no

hivolda (Facebook, Instagram, Snapchat og Twitter)

Design

Fantastiske Osberget

Foto

Karl August Swanstrøm, Tone Solhaug, Kristian Glomnes Selon,
Lea K. Albertsen, Lene Flataker, Maeva Cornella Cecillon, Emil Leenderts,
Seanse, Vilde Moltudal Igland, Per Straume, Steinarr Sommerset.



Del I: Årsmelding frå styret 2023

Høgskulen i Volda har i løpet av 2023 vore gjennom fleire store endringar. Det har kome på plass nytt styre, nytt rektorat og tre av fire dekanar er nye. Den 1. august 2023 fekk høgskulen nytt styre. Det vart valt ny rektor/styrelieiar. Kunnskapsdepartementet oppnemnde fire nye styremedlemmar. Det vart valt fire nye tilsettere representantar og to nye studentrepresentantar. Styrelieiar (rektor) var prorektor i førre periode, og to av dei andre styremedlemmane var med i styret i førre periode.

Arbeidet i styret

Høgskulen i Volda gjennomførte seks ordinære styremøte og i tillegg var det fire omframme styremøte, mellom anna i samband med tilsetjing av nye dekanar. Styret har gjennom året fått orienteringar om renovering av Hans Strøm-huset, om arbeidet med master i Natur, kultur og sosial berekraft og ny doktorgrad i Utdanning, språk og kultur. Styret har handsama til saman 101 saker.

Styret er nøgd med den overordna økonomiske gjennomføringa i 2023. Høgskulen har eit underforbruk på 12 millionar kroner i høve budsjett, noko som i stor grad kjem av høgare investeringar og høgare BOA-inntekter. Høgskulen har gjennom året redusert avsetningane med 57 millionar, hovudsakleg grunna arbeidet med Hans Strøm-huset. Dette har gitt høgskulen betre og oppdaterte læringsareal for studentane, og er eit stort løft for undervisnings- og læringsmiljøet.

Høgskulen har inngått ny utviklingsavtale med Kunnskapsdepartementet. Avtalen bygger godt opp under høgskulen sine eigne planar og felles mål for sektoren. Styret meiner den nye utviklingsavtalen gir eit godt grunnlag for utvikling og forbetring av Høgskulen i Volda i åra som kjem.

Utdanning, forskning og organisasjon

Høgskulen har dei siste åra hatt ein liten nedgang i studenttalet og har no omlag 4.250 studentar. Nedgangen kjem i hovudsak av færre søkjarar på campus-studium, og styret er særleg bekymra over den store nedgangen i talet på søkjarar og studentar til lærarutdanningane. Høgskulen har ei gledeleg auke i talet studentar som tek utdanningar som er nettbaserte eller desentraliserte, samstundes som talet på campusstudentar går nedover.

Høgskulen har ein nedgang i talet på kandidatar som gjennomførte bachelor- og mastergrader på normert tid. Dette kjem mellom anna av ei ny nettbasert bachelorgrad. Nettbaserte

studium har større fråfall, men det produserer òg kandidatar som får tilgang til ei bachelorgrad frå kvar som helst i landet og i ulike livssituasjonar. Når det gjeld mastergrader er gjennomføringsgrada for låg. Dette handla mellom anna om at høgskulen har høg snittalder på masterstudentane og at mange kombinerer utdanning med arbeid og familie. Dette er noko styret og høgskulen har arbeidd med over tid, og vil halde fram med.

I 2023 starta høgskulen opp ei mastergrad i Barnevernsarbeid, og styret er svært glade for mange søkjarar til denne masteren. Masteren i Barnevernsarbeid er eit viktig tilskot til utdanningane på høgskulen. NOKUT har akkreditert vår nye master i Natur, kultur og sosial berekraft, og det vert arbeidd for realiseringa av denne. I tillegg kom den førebelse kommisjonsrapporten på ph.d. i Utdanning, språk og kultur rett før jul, og denne var svært positiv. I skrivande stund har denne doktorgradsutdanninga vorte akkreditert av NOKUT sitt styre.

Høgskulen har i utgangspunktet budsjetttramme for 22 stipendiatar, men ved utgangen av 2023 var det over 40 som var i doktorgradsløp. Somme av dei er eksternt finansierte, til dømes finansierer Møre og Romsdal fylkeskommune ein stipendiat innan berekraft, men høgskulen har også satsa tungt over eige budsjett. Det har dei seinare åra vore investert i kompetansebygging, noko styret vurderer som eit viktig strategisk tiltak.

Høgskulen har hatt ein gledeleg auke i publiseringspoeng frå tidlegare år. Denne auken er styret er nøgde med. For 2023 kan høgskulen syne til 0,57 publiseringspoeng per fagleg årsverk (foreløpige tal). Høgskulen vil fortsette det viktige arbeidet med å auke publiseringa.

Høgskulen har ei felles doktorgrad innan helse- og sosialfag med Høgskolen i Molde. Doktorgrada er no i god drift, og sommaren 2023 hadde programmet 35 opptekne kandidatar, noko som er godt over målsettinga. I 2023 disputerte tre kandidatar frå HVO på programmet, og 50 prosent av dei som starta, har gjennomført innan seks år. Styret er tilfreds med utviklinga og høgskulen vil arbeide vidare med gjennomstrøyminga.

Styret set pris på dei mange faglege opprykka dei siste åra og særleg nøgd med mange disputasar for tilsette på høgskulen. Ved høgskulen har no 56 % av dei vitskaplege tilsette førstekompetanse, og styret gler seg over denne auken. Samstundes høgnar vi ambisjonane for dette i 2024, og vil arbeide for å bygge endå betre strukturar for tilsette som vil kvalifisere seg til opprykk.

Bidrags- og oppdragsinntektene har auka mykje i 2023. Dette trass i at bidragsinntektene frå Forskningsrådet har gått ned. Andre bidrags- og oppdragsinntekter har hatt ein betydeleg auke. Styret ser at det har vorte lagt ned ein stor innsats over mange år for å auke desse inntektene og er nøgd med den positive utviklinga. Ein ser samtidig at høgskulen framleis ligg lågt i sektoren når det gjeld BOA-inntekter. Høgskulen vil arbeide for å auke inntektene, særleg frå Forskningsrådet og EU.

Styret er nøgd med at talet mellombels tilsette har minka fleire år på rad, og registrerer at høgskulen har ein særleg stor nedgang i 2023. Sjukefråværet har også gått ned for høgskulen som heilskap. På begge desse områda ventar styret at det gode arbeidet held fram.

Tilhøve som har verka inn på resultatata

Det har vore gode forutsetningar for å gjennomføre mykje av den planlagde aktiviteten. Gjennom året har det vore nytta mykje tid – både faglege og administrativt – på arbeidet med å få godkjent vårt eige ph.d.-program.

Renoveringa av Hans Strøm-huset har vorte gjennomført og huset vart teke i full bruk ved årsskiftet til 2024. Under renoveringa var huset heilt stengt, noko som førte til at både studentar og tilsette måtte nytte andre lokale på høgskulen. Dette har prega drifta, men har vore gjennomført på ein god og forsvarleg måte. Styret er nøgde med gjennomføringa av renoveringa, og ser at ho vil bidra positivt for å nå våre samfunns mål, effektmål og resultatmål.

Volda, 1. mars 2024, Høgskulen i Volda ved styret




Odd Helge Mjellem Tonheim
rektor og styreleiar



Randi Bergem



Roar Tobro



Nazamina Khan




Per Halse




Kjersti Kleven




Sindre Skarstein Fossmo



Randi Myklebust



Rasmus Stokke



Bjørn Gunnar Tafjord



Shazia Majid

Dei viktigaste prioriteringane framover

Vi går inn i ein periode som potensielt kan føre til nedgang i løyvingar. Høgskulen må vere budd på interne omstillingar for å møte framtidens behov. Som ein del av dette vert det viktig for høgskulen å mellom anna auke omfanget av eksternfinansierte forskingsprosjekt. Eit viktig bidrag her vil vere at høgskulen startar opp det nye ph.d. programmet i Utdanning, språk og kultur som vil medføre eit løft for forskinga ved institusjonen. Men det vil vere ressurskrevande og vil legge føringar for kva som vert prioritert framover. Vi ser og at endringar i kriteria for å verte akkreditert som universitet kan få store konsekvensar for kva vi vel å satse på framover.

I området til høgskulen arbeider fleire aktørar med å etablere ein kunnskapspark som skal huse Norsk Innovasjonssenter AS. Dette kan potensielt vere eit løft for innovasjons- og arbeidslivsrelevansarbeidet til høgskulen og strategisk viktig, men kan truleg verte kostnadskrevande.

Mot slutten av 2024 vil styret sette i gang arbeidet med ein ny handlingsplan, då gjeldande plan går ut i 2025. Dette vil sette rammer for korleis Høgskulen i Volda vil prioritere i perioden 2025–2029.



Del II: Introduksjon til verksemda og hovudtal

Høgskulen i Volda bygger på samfunnsvitskap og humaniora og er ein profesjonsretta høgskule med høge faglege ambisjonar. Vi utdannar for og forskar på velferdssamfunnet. Vi møter behova i regionen, og er samstundes ein nasjonal og internasjonal aktør. Vi tek eit særleg ansvar for å bevare og utvikle nynorsk språk og skriftkultur.

HVO sin visjon er kompetanse for eit betre samfunn

- Vi skal vere ei drivkraft for utvikling av kunnskap, ferdigheiter og klokskap som bidreg til framsteg for individ og samfunn.
- Vi skal skape entusiasme for læring, stimulere til deltaking for ei berekraftig verd og bygge på samskaping mellom studentar, tilsette og arbeidslivet.

Høgskulen i Volda vedtok ny strategiplan for 2022–2029 i desember 2021. I strategiplanen er det peika ut fire strategiske satsingsområde for første del av strategiperioden, 2022–2025:

1. HVO skal ha eit variert og nyskapande læringsmiljø med høg kvalitet
2. HVO skal heve ambisjonane innanfor lærarutdanningane, sosialfaga og mediefaga
3. HVO skal ha forskingsmiljø som er leiande nasjonalt og hevdar seg internasjonalt
4. HVO skal vere ein tydeleg samfunnsaktør i regionen

Høgskulen i Volda har mesteparten av kjerneverksemda si i Volda, men tilbyr òg utdanning på nett og ved campus Kristiansund.

Forsking og utvikling (FoU)

HVO arbeider for ein sterk kultur for forsking og utvikling gjennom kompetansebygging, kollegaretleiing og kvalitetsorientering. I 2023 hadde høgskulen 245 vitskaplege årsverk, der 56 prosent hadde første- eller toppkompetanse. HVO har satsa på doktorgradsutdanning dei seinare åra, og vi hadde 42 stipendiatar i løp ved utgangen av 2023. HVO hadde tre disputasar på doktorgradsprogrammet vårt saman med Høgskolen i Molde, og fire disputerte ved andre institusjonar. HVO fekk tilslag på eit nytt Forskningsrådsprosjekt om programmering i matematikkundervisninga i grunnskulen.

Studietilboda

HVO gir fag- og profesjonsutdanningar på bachelor- og masternivå for skule og barnehage, velferd, media, kultur og humaniora. Høgskulen tilbyr også ein ph.d. i helse- og sosialfag, som ein fellesgrad i lag med Høgskolen i Molde.

HVO tilbyr 16 bachelorprogram, nokre i fleire variantar, fleire lærarutdanningsprogram, ei rekkje årsstudium og vidareutdanningar på heiltid, deltid og nett.

Høgskulen har følgjande mastergrader: grunnskulelærarutdanning for 1.–7. trinn; grunnskulelærarutdanning for 5.–10. trinn; barnhagekunnskap; spesialpedagogikk; erfaringsbasert mastergrad i undervisning og læring; kultur møte; helse og sosialfag – meistring og myndiggjering; barnevernsarbeid; skriftkultur; samfunnsplanlegging og leiing; og «Master in media practices». I tillegg har vi ein master i helseleiing saman med Høgskolen i Molde og NTNU. Gjennom året har det vore lagt ned mykje arbeid i å svare ut NOKUT-kommisjonane sine arbeid med vurderingane av ph.d. i Utdanning, språk og kultur og ei mastergrad i Natur, kultur og sosial berekraft. Begge utdanningane er i skrivande stund akkrediterte av NOKUT.

Fleksible studieformer


Med over 1.500 studentar på nett- eller desentralisert undervisning er HVO ein stor tilbydar av distanseovergripande studium. Livslang læring og studium med høg fagleg kvalitet og stor fleksibilitet er viktig for HVO. Studentar på fleksible studietilbod er eit viktig supplement til ein elles pulserande campus med eit yrande studentliv i Volda.

Internasjonalisering

HVO har eit aktivt internasjonalt engasjement og er mellom dei beste i Noreg på internasjonal studentutveksling. Høgskulen har om lag 125 utvekslingsavtalar med utdanningsinstitusjonar i over 40 land. Studentar på bachelor- og masterstudia har høve til å ta eit semester i utlandet. Ved mange av studia er det også mogleg å gjennomføre praksis utanfor Noreg. HVO har nyleg oppretta ei ordning for utanlandsstipend for stipendiatar og fagleg tilsette for å auke det internasjonale perspektivet i forsking og utviklingsarbeid.

I 2023 reiste 114 studentar på utveksling over 3 månader frå HVO medan 136 studentar hadde eit lengre opphald ved HVO. Åtte tilsette hadde lengre utanlandsopphald med støtte frå HVO i 2023. I tillegg reiste 31 tilsette til utlandet på kortare opphald med Erasmus+-stipend.

Organisasjonskart



i

Høgskulen i Volda er underlagt Kunnskapsdepartementet, og Høgskulestyret er det øvste organet ved institusjonen. Styret har følgjande elleve medlemmar: Rektor (styreleiar), tre medlemmar valde mellom tilsette i undervisnings- og forskarstilling, ein medlem vald mellom dei teknisk og administrativt tilsette, to medlemmar valde mellom studentane og fire medlemmar utpeika av Kunn-skaps-departementet. Høgskuledirektør og prorektor har møteplikt til alle styremøte, med tale- og forslagsrett.

Hovudtal for Høgskulen i Volda

	2020	2021	2022	2023
Årsverk tilsette	353	383	386	386
Av dette årsverk i UFF-stillingar	230	253	264	255
Registrerte studentar	4 763	4 699	4 422	4263
Studiepoengproduksjon totalt	2 643	2 642	2 707	2558
Doktorgradsdisputasar	2	5	5	7
Totale driftsinntekter mill. kroner	415	422	477	445
Av dette løyving	375	392	428	387

Fleire nøkkeltal finn ein i NSDs Database for statistikk om høgare utdanning: dbh.hkdir.no



Del III: Aktivitetar og resultat 2023

Det har vore eit år med ordinær drift gjennom heile året, og det har vore gode forutsetningar for å gjennomføre mykje av den planlagde aktiviteten. Det vert arbeidd godt i organisasjonen, og vi er særleg nøgd med det utviklingsarbeidet som er gjort. Dette gjeld særleg ny mastergrad med tittelen Natur, kultur og sosial berekraft som vi har fått akkreditert, og oppstart av ny mastergrad i Barnevernsarbeid.

Vi har også brukt mykje tid – både faglege og administrative ressursar – på arbeidet med å få vårt eige ph.d.-program i Utdanning, språk og kultur akkreditert. Vi har fått positive tilbakemeldingar etter NOKUT sitt institusjonsbesøk i haust, og vi fekk programmet endeleg akkreditert i styremøtet til NOKUT i februar 2024. Dei nye utdanningane er viktige for å etterleve eigen strategiplan og for å bidra til å innfri samfunnsoppdraget og sektormåla.

For forskingsverksemda har HVO i 2023 auka talet på publiseringspoeng pr. fagtilsett, auka delen tilsette i førstestillingar, auka talet på disputasar, hatt fleire fagtilsette på lengre

utanlandsopphald og fått eit nytt NFR-prosjekt. Vi har framleis fokus på å arbeide for å auke forskingsaktiviteten og høgne kvaliteten i forskinga.

Verksemda vår er samansett, forventningane høge, og det er krevjande å få til gode prioriteringar i organisasjonen. I det følgjande vert resultat og måloppnåing knytt til HVO-mål og styringsparameter i utviklingsavtalen kommentert. Desse vert vidare sett i samanheng og kommentert i høve dei overordna og langsiktige sektormåla. Til slutt i kapittelet rapporterer vi på andre område.

Overordna og langsiktige sektormål

Regjeringa innførte nye langsiktige sektormål frå 2023, og Høgskulen i Volda og Kunnskapsdepartementet har inngått ein ny utviklingsavtale for 2023 til 2026. Sidan KD har fjerna kravet om at institusjonane skal rapportere på dei nasjonale styringsparameterane, vil vi rapportere på utvalde indikatorar som skildrar verksemda vår.

Utvalde styringsparameter for høg kvalitet i utdanning

	2020	2021	2022	2023	Ambisjon 2024
Andel bachelorkandidatar som gjennomfører på normert tid	63 %	66 %	57 %	54 %	60 %
Andel masterkandidatar som gjennomfører på normert tid	14 %	39 %	37 %	25 %	35 %
Skår på korleis studentane oppfatar studiekvaliteten	3,9	3,9	4,0	3,8	4
Fagleg tidsbruk (timar) per veke blant heiltidsstudentar	29	28	29	28	30
Andel utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av totaltalet på studentar	0,4 %	0,7 %	1,4 %	1,6 %	1,8 %
Talet på primærstøkkar i samordna opptak	1 449	1 400	1 087	1 039	1 200
Talet på kvalifiserte primærstøkkar per studie plass	1,5	1,5	1,14	1,0	1,2
Talet på utvekslingsstudentar - inn- og utreisande	94	149	251	250	250
Talet på søknader til nasjonale og internasjonale finansieringskjelder	3	4	8	5	6

på normert tid, tilsvarende 25% av masterkandidatane. Dette er ein nedgang, og viser at vi må arbeide enno meir systematisk og langsiktig med gjennomstrøyminga.

I studiebarometeret frå hausten 2023 gir studentane ved Høgskulen i Volda (HVO) karakteren 3,8, som er tett på snittet for alle høgskular og universitet for året på 4,0. Resultata viser at særleg mediefaga gjer det særst godt. I tillegg er det godt å sjå at barnehagelærarutdanninga vår gjer eit kraftig byks frå 3,2 til 4,0. Grunnskulelærarstudentane i Volda ligg om lag på landssnittet for desse utdanningane. Vi hadde best resultat i 2021 og var nest best i landet i 2022, det er synd vi ikkje klarer å halde på det. Tiltak er alt sett i gang for å forbetre det studentane ikkje er så godt nøgd med.

Når det gjeld fagleg tidsbruk rapporterer heiltidsstudentane at dei har brukt bruke 28 timar pr. veke. Dette er same nivå som tidlegare år.

Stort sett rapporterer studentane at dei er vel nøgde med studia ved Høgskulen i Volda. Dei fleste melder at dei synest at studiet dei har valt fungerer godt med omsyn til å bli kjende med kvarandre og med faglærarane. Høgskulen har eit godt kvalitetssystem og gjennomfører evalueringar av både emne og studieprogram.

1. Høg kvalitet i utdanning og forskning

Den nye langtidsplanen for forskning og høgare utdanning legg vekt på høg kvalitet og tilgjengelegheit i forskning og høgare utdanning. I 2023 var det 54% av bachelorkandidatane som gjennomførte

Evalueringane som vert gjort munnleg og skriftleg, handlar i stor grad om vurdering av fagleg innhald og læringsutbytte.

Høgskulen har framleis ambisjon om å auke fyllingsgraden. Talet på primærstøkkar i samordna opptak var i 2023 på 1039 studentar, og dette er ein nedgang frå 1087 i 2022, og tilsvarende lågare tal på kvalifiserte primærstøkkar etter mange år med stabile tal. Talet på kvalifiserte primærstøkkar per studie plass på HVO var 1,0 mot 1,14 i 2022, og 1,5 i åra før det.

Lærarutdanningane har framleis nedgang i talet på søkkar samanlikna med åra før, og i 2023 er det svake søkkartal på både BLU, GLU og PPU. Dette er viktige utdanningar for høgskulen, og det er arbeid i gang både for å kartlegge moglege årsaker og tiltak for å auke rekrutteringa. Vi ser også at dette er ein nasjonal trend, men vi ser samtidig at Høgskulen i Volda er særleg sårbar for slike trendar.

Vi har framleis ein auke i andelen utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av samla tal studentar. Sidan ein stor del av studentane ved HVO er registrert på kortare vidareutdanningsprogram utan moglegheit for utveksling, får ein eit tydelegare bilete av omfanget av utvekslinga ved å sjå på

gradstudentane for seg. Her har høgskulen over år hatt omlag 20 % som har utveksla i løpet av gjennomført gradsstudium ved HVO. Talet på utvekslingsstudentar – inn- og utreisande – ligg no på 250 studentar mot 240 i 2022.

Det vart vedtatt ein ny plan for internasjonisering for åra 2022 – 2025. Tiltak for å auke utvekslinga er sett i verk, og det er merksemd på å legge godt til rette for utveksling på dei ulike studieprogramma. Nokre studieprogram har mykje utveksling,

særleg innan mediefag. På andre fagområde er det viktig med auka synleggjering av moglegheitene for utveksling i studieplanar og informere om dette til utvalde studentgrupper. Framleis er sosialarbeidarutdanningane våre mellom dei beste i landet på praksis i utlandet, noko som er eit resultat av systematisk arbeid over tid.

Utvalde styringsparameter for høg kvalitet i forskning

	2021	2022	2023	Ambisjon 2024
Publiseringspoeng per fagleg årsverk	0,45	0,43	0,57*	0,6
Forfattarandelar på nivå 2	20 %	8 %	14 %*	15 %
Disputasar på eige program	1	4	3	3
Disputasar totalt	5	5	7	8
Prosentdel tidsskriftartiklar med internasjonalt samforfattarskap	13 %	5 %	14 %*	15 %
Prosentdel førstestillingar av faglege eks. stipendiatar	53 %	49 %	56 %	60 %
Tal på opprykk til førstestillingar	15	12	14	15
* Førebels tal. Rapporteringsfrist 12. april 2024.				

Vurdering av resultat og måloppnåing

Publisering

Førebels tal på publiseringspoeng per fagleg årsverk tyder på at vi har hatt ein oppgang frå 0,43 i 2022 til 0,57 i 2023. Endelege tal ligg føre i april. Resultata på publiseringspoeng for 2023 er mellom dei beste HVO har levert, og vi er nøgd med ein god framgang. Likevel har vi framleis ikkje nådd målet om 0,6 publiseringspoeng per årsverk. HVO står i eit generasjonsskifte, og vi har mange tilsette som ikkje har kome i gang med publisering enno. Vi er også nøgd med ein oppgang i forfattarandelar på nivå 2. Dette viser til høg kvalitet i den forskinga som vert utført ved HVO. Det er også ein god auke i prosentdelen tidsskriftartiklar med internasjonalt samforfattarskap. Vi held på ambisjonane våre for 2024.

Forskarutdanning

HVO etablerte i 2015 ei felles doktorgrad innanfor helse- og sosialfag i samarbeid med Høgskolen i Molde, og programmet er no i stabil drift, og stadig nye kandidatar fullfører doktorgradsavhandlinga si og disputerer. Før oppstart av

doktorgradsprogrammet var det ei målsetjing å gjennomføre opptak av 20 kandidatar på programmet før 2020. Denne målsetjinga vart innfridd med god margin, og det er framleis god søking til doktorgradsprogrammet. Ved utgangen av studieåret 2022/23 hadde programmet 35 kandidatar. Vidare er det ei målsetjing at programmet gjennomsnittleg skal ha fem årlege disputasar.

I 2023 disputerte tre kandidatar frå HVO på programmet, medan 50 prosent av dei som starta på programmet seks år tidlegare, hadde gjennomført doktorgradsutdanninga. HVO er tilfreds med utviklinga, men vi jobbar for å auke gjennomstrøyminga innan seks år frå oppstart på ph.d.-programmet til det nasjonale gjennomsnittet.

Vidare vil vi framleis retta fokus mot å auke graden av internasjonisering ved doktorgradsprogrammet. Doktorgradsutvalet har gitt opning for at kandidatane kan få godkjent studiepoeng for utanlandsopphald. Det vert også gitt studiepoeng for deltaking med presentasjon av forskingsarbeidet på internasjonale konferansar. Vidare vert det arbeid med tilrettelegging for større fleksibilitet når det gjeld krav om norsk eller skandinaviske språkferdigheiter. Dette vil gjere det mogleg å ta opp

internasjonale studentar og etablere breiare prosjektsamarbeid med internasjonale samarbeidspartnarar. Vidare vil kandidatane som vert medlemmar i den nasjonale forskarskulen PROFRES 2.0 få tilgang til eit internasjonalt nettverk.

Totalt oppnådde sju kandidatar doktorgrad ved HVO i 2023. Ein av dei disputerte innanfor dr. philos.-ordninga. Samla har vi ambisjon om ein auke i talet disputasar for 2024.

Opprykk

HVO er godt nøgd med dei mange faglege opprykka dei siste åra. Fleire disputerte i 2023 og fekk opprykk til førsteamanuensis, og det viser igjen i auken av prosentdelen førstestillingar utanom stipendiatar. Vi er svært tilfreds med at 56 % av dei tilsette har førstestillingar, og vi gjekk dermed forbi målet for 2023. Vi høgnar ambisjonane våre for 2024.

Internasjonalisering

Vi er tilfredse med ein auke i prosentdelen tidsskriftartiklar med internasjonalt samforfattarskap. Her nådde vi ikkje målet vårt for 2023. I 2023 reiste dei første tilsette til opphald ved utanlandsk institusjon med stipend frå HVO. Tidlegare har berre stipendiatar fått støtte til dette. Til saman åtte fagtilsette hadde utanlandsopphald på mellom 1 og 6 månader, og vi håper at dette på sikt vi gi fleire tidsskriftartiklar med internasjonalt samforfattarskap og fleire forskingsprosjekt i samarbeid med forskarar i andre land. Vi har fokus på at særleg stipendiatar skal ha moglegheit til utanlandsopphald og at doktorgradsprogramma våre skal vere internasjonale.



2. Berekraftig samfunnsutvikling, velferd og innovasjon

UH-institusjonane har fått eit nytt sektormål om berekraftig samfunnsutvikling, velferd og innovasjon, og dette samsvarer med korleis vi forstår samfunnsansvaret vårt. Vi ser berekraftig utvikling som tredelt – miljømessig, sosial og økonomisk – i tråd med den nye langtidsplanen for forskning og høgare utdanning.

Vurdering av resultat og måloppnåing

Samfunnsutvikling og innovasjon

Bidragssinntektene frå Forskringsrådet per fagleg årsverk hadde ein nedgang frå 2022 til 2023. Tilsette sendte fem søknader om eksterne midlar der HVO var prosjekteigar i 2023, og det er litt færre enn året før. Vi er glad for at éin av søknadene sendt til Forskringsrådet i 2023 fekk tilslag. Fleire av dei evaluerte søknadene fekk gode tilbakemeldingar med tanke på å forbetre dei og søke igjen. Fleire NFR-prosjekt ved HVO vart avslutta i 2022, og prosjektet «Programmering for utvikling av matematisk kompetanse» som HVO fekk tilslag på i 2023 kom berre så vidt i gang. Vi nådde difor ikkje ambisjonane våre korkje på bidragssinntekter frå Forskringsrådet per fagleg årsverk eller tal på søknader til nasjonale og internasjonale finansieringskjelder. Vi er

ikkje tilfredse med resultatene, og vurderinga vår er at vi må sende fleire søknader til NFR for å oppretthalde inntektene over tid.

NFR-prosjektet som fekk tilslag hos Forskringsrådet, «Programmering for utvikling av matematisk kompetanse», er eit samarbeidsprosjekt som vil vere med på å heve den digitale kompetansen for framtidens elevar, så tilslag på forskingsprosjekt er med på å bidra til samfunnsutvikling, velferd og innovasjon.

Bidragssinntektene frå andre bidrags- og oppdragsinntekter per fagleg årsverk hadde ein oppgang frå 146 til 202 frå 2022 til 2023. Vi har til dømes stor aktivitet knytt til «Kompetanse for kvalitet» (KfK) og «Kompetanse for fremtidens barnehage» (KfB). Desse tilboda utgjer ca. kr. 13,5 mill. Dette har også samanheng med auka løyvingar frå Statsforvaltaren til tilskotsordningane (ReKomp/Dekomp/KompLøftet) og partnerskapet vårt med skular og barnehagar, som utgjer ca. 11,5 mill. Samla BOA-inntekter for Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning knytt til desse ordningane utgjer dermed ca. 25 millionar. Avdeling for kulturfag hadde ei samla BOA-inntekt på 10,5 mill. der ca. 2,3 mill. er knytt til KfK og 3,8 mill. er knytt til Seanse.

I 2023 publiserte våre tilsette 23 kronikkar i redaktørstyrte aviser. Dette er ein nedgang frå tidlegare år, og vi nådde ikkje ambisjonen om 35. Vi ser kronikkar som ein kanal vi kan nytte for å bidra til samfunnsutvikling, velferd og innovasjon.

Aktuelle styringsparameter

	2021	2022	2023	Ambisjon 2024
Bidragssinntekter frå Forskringsrådet per fagleg årsverk	12	20	9	20
Andre bidrags- og oppdragsinntekter per fagleg årsverk	127	146	202	165
Talet på søknader til nasjonale og internasjonale finansieringskjelder	4	8	5	6
Talet på publiserte kronikkar	30	28	23	30
Talet på studiepoeng per fagleg årsverk	631	583	576	575
Andel mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar	14 %	13 %	8 %	8 %
Gjennomsnittleg sjukefråvær per år	6,9 %	6,9 %	6,2 %	5,5 %
Driftskostnader per avlagd 60-studiepoengeining (1 000 kr)	161	172	195	190
Forholdstal mellom tilsette i undervisnings- og forskarstillingar og talet på administrative stillingar	2,6	2,8	2,5	2,6

Berekraftig drift av verksemda

Når det gjeld tal på studiepoeng per fagleg årsverk, har vi ein svak reduksjon frå 583 i 2022 til 576 i 2023. Reduksjonen kan bidra til å redusere arbeidspress og sikre tid til mellom anna kompetanseutvikling.

Høgskulen har ein reduksjon i andel mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar også i år, den ligg no på 8 %, og vi meiner vi er på god veg til å nå målet. Vi har i større grad tilsette i faste stillingar, sjølv om finansieringa er basert på kortsiktige midlar. Høgskulen satsar medvite på kompetansebygging og har ein del mellombelse stillingar grunna vikariat for fast tilsette i kompetanseutviklingsløp.

Systematisk opplæring til leiarar har vore ei prioritert oppgåve også i 2023. AMU har fått orientering og støtta opp. Hausten 2023 vart det gjennomført modulbasert leiaropplæring for nye leiarar, eit samarbeid mellom Avonova Helse og HVO. Dette var ein del av det strategiske og systematiske HMS-arbeidet, for å bidra til styrking av det psykososiale arbeidsmiljøet for dei tilsette. HR var

ansvarleg for opplæring i tilsettingsprosessen, konflikthandtering og sjukefråværsoppfølging – den siste modulen i samarbeid med NAV Ørsta og Volda.

Det psykososiale arbeidsmiljøet vert rutinemessig kartlagt kvart 3. år. HVO nyttar ARK (Arbeidsmiljø- og klimakartlegging), eit verktøy for UH-sektoren utvikla av NTNU. Kartlegging vart gjennomført i desember 2021 og det er planlagt ny gjennomføring i løpet av 2024. Eit anna verktøy for å kartlegge den enkelte sitt arbeidsmiljø er årleg medarbeidersamtale. Tilsette skal ha tilbod om årleg seniorsamtale frå det året ein fyller 60. Samtalane vert gjennomført som ein del av medarbeidersamtalen. Arbeidsmiljø er elles tema i einingane i avdelingsmøter og seminar.

Målsettinga for 2023 var eit totalt sjukefråvær på 6,0 %, men enda på 6,2 %, som er ei forbetring frå 2022 då vi låg på 6,9.

3. God tilgang til utdanning, forskning og kompetanse i heile landet

Utvalde styringsparameter

		2020	2021	2022	2023	Kandidatmåltal frå KD 2024
Kandidattal på helse- og lærarutdanningane	KD	180	174	204		
Kandidattal GLU 5–10	KD	25	3*	26	44	29
Kandidattal GLU 1–7	KD	15	3*	18	24	43
Kandidattal BLU	KD	70	89	77	84	83
Kandidattal PPU	KD	70	79	83	49	72
Talet på studentar på nett- og desentralisert undervisning	HVO	1 325	1 407	1 360	1 542	

* Grunna omlegging frå 4-årig til 5-årig GLU-utdanning blei det i utgangspunktet ikkje uteksaminert kandidatar i 2021.

Vurdering av resultat og måloppnåing

God tilgang til utdanning og kompetanse

Samanlikna med 2022 har vi ein svak nedgang når det gjeld kandidattal samla for lærarutdanningane ved Høgskulen i Volda. I 2023 hadde vi 201 kandidatar mot 204 i 2022. Vi ligg noko over måltalet på grunnskulelærarutdanninga 1–7 og 5–10. GLU 5–10 hadde 44 kandidatar i 2023 og 26 i 2022. GLU 1–7 hadde 24 kandidatar i 2023 og 18 i 2022. Også på barnehagelærarutdanninga ligg vi over måltalet med ein oppgang frå 77 i 2022 til 84 i 2023. Når det gjeld praktisk-pedagogisk utdanning har vi fått ein tilbakegang, med ein nedgang frå 83 til 49.

Vi har framleis høg aktivitet knytt til ordningane «Kompetanse for kvalitet» (KfK) og «Kompetanse for framtidens barnehage» (KfB). Resultatet er at mange lærarar og barnehagelærarar både i regionen vår og utanfrå har teke vidareutdanning under gode vilkår. I tillegg har HVO ei rekke studietilbod som er tilrettelagt for lærarar som tek vidareutdanningar. Fleire masterutdanningar er utvikla i samarbeid og samrå med andre utdanningsinstitusjonar og arbeidslivet i regionen.

Samla tal på studentar på nett- og desentralisert undervisning ved HVO ligg på 1542, også dette ein oppgang frå 2022. Då var talet på 1360. Dette bidreg til å gje tilbod til utdanningar og vidareutdanningar til studentar frå heile landet.

Etter å ha fått akkreditert Master i barnevernsarbeid i NOKUT, kunne HVO tilby oppstart frå hausten 2023. Den nye masteren er tverrfagleg innretta, og vert organisert som eit deltidsstudium over fire år. Masteren er tildelt ressursar med sikte på å kunne tilby masterløp for 20 studentar årleg.

God tilgang til forskning

Høgskulen i Volda bidreg til å gjere forskning tilgjengeleg på mange ulike arenaer. All utdanningsverksemd er forskingsbasert og bidreg til at kandidatane vi utdannar tek med seg ny forskning ut i verda. Vi er vertsinstitusjon for Fjordkonferansen, der forskingsresultat frå forskarane våre vert formidla til andre forskarar i regionen. Vidare har vi eit omfattande samarbeid med praksisfeltet, der yrkesutøvarar i mange ulike fagfelt vert møtt med forskingsbaserte bidrag. Mange av forskarane ved høgskulen bidreg jamleg i nasjonale debattar med kronikkar og andre mediebidrag.

Forskningsdagane er ein årleg nasjonal festival der Forskningsrådet inviterer alle forskings- og kunnskapsbaserte institusjonar til å vise fram verksemda si for ålmenta på nye og spanande måtar. Forskningsdagane har utvikla seg til å verte Noregs største arena for allmennretta forskingsformidling, med lokale arrangement over heile landet. Lokale arrangørar, slik som Høgskulen i Volda, står for innhaldet i Forskningsdagane. Festivalen har vore arrangert sidan 1994, og Høgskulen i Volda har vore lokal arrangør sidan 1997. Det nasjonale temaet for Forskningsdagane i 2023 var «Energi».

Ved Høgskulen i Volda har Forskningsdagane gjennom fleire år hatt positive erfaringar med samarbeidsarrangement med ulike lokale og regionale aktørar. Dei seinare åra har vi hatt ein god balanse mellom arrangement på dagtid, kveldstid og i helg for å kunne nå eit meir variert og breitt publikum. Fleire av samarbeidsarrangementa har funne stad utanfor høgskuleområdet, og ein har dei siste åra gjennomført arrangement mellom anna i kommunane Volda, Ørsta, Hareid, Ulstein, Herøy, Ålesund og Stryn.



Utviklingsavtalen med KD (2023-2026)

Mål 1: Eit godt og engasjerande læringsmiljø

HVO vil i perioden legge til rette for studentmedverknad og utfordre studentane gjennom studentaktive arbeidsmåtar. studentar og tilsette skal utvikle relevant digital kompetanse. HVO vil utvikle eit læringsmiljø der alle kjenner seg inkludert, og utdanningane gir mangfaldskompetanse.

Styringsparameter

1. Utvikle varierte og studentaktive arbeidsmåtar og relevant digital kompetanse i alle utdanningar

Høgskulen i Volda har over år vore oppteken av studentaktive arbeidsmåtar, men det er framleis stor variasjon frå program til program og frå emne til emne. Dei tilsette lærer gjennom erfaringsdeling seg imellom, i tillegg bidreg Læringsverkstaden til kompetanseutvikling. Læringsverkstaden er ei støttetene og ein læringsressurs for digital utvikling og studiekvalitet ved HVO. Læringsverkstaden støttar fagtilsette og studentar i å vidareutvikle profesjonsfagleg digital kompetanse, studentaktive lærings- og vurderingsformer, digital didaktikk og arbeidslivsrelevans med bruk av digitale ressursar. Læringsverkstaden tilbyr digitale og fysiske kurs og opplæring knytt til fagspesifikke ressursar og fellessystem ved HVO. Døme på kurs er interaktive tavler og casting, læringsfilm, omvendt undervisning, studentaktivitet og læringsanalyse, adaptiv læring og AR/VR.

HVO har tilsette med høg forskingskompetanse knytt til digital kompetanse i utdanningane, og DigiGLU-prosjektet og DigiHand har fått nasjonal og internasjonal merksemd. DigiHand er eit forskingsrådsprosjekt (NFR, FINNUT, 2018–2022) som har som føremål å undersøkje korleis bruken av nettbrett og ulike skriveverktøy påverkar elevane i første klasse si handskrift og skriveutvikling over 2 år. Eit anna føremål er å drive kompetansebygging i lærarutdanningane. Per i dag har ein publisert 10 artiklar i internasjonale tidsskrift, og tre fagfellevurderte artiklar i antologi. Dette bidreg til at tilsette kan gi forskingsbasert undervisning til studentane knytt til digital kompetanse i skulen.

2. Styrke studentmedverknad gjennom betre involvering av studentane i arbeidet med studiekvalitet

Studentmedverknad er viktig, og Høgskulen i Volda legg til rette for at studentstemma er representert i ulike nemnder og utval. Det er generelt vanskeleg å få studentar til å stille som tillitsvalde/representantar i kvalitetsutval. Men når tillitsvalde/representantar først er valde, så møter dei opp til møta i utvalet og gjer ein god jobb. Det er jamt over god dialog mellom tillitsvalde,

emneansvarlege og programansvarleg også utanom møta i utvalet.

Saker som vert fremja av studentane handlar i stor grad om den praktiske gjennomføringa av undervisninga, betre informasjon o.l. Når det gjeld kvalitetsutvala på studieprogramma, må vi framover gjere tiltak for å legge til rette for å i større grad sikre at studentrepresentantane representerer heile studentgruppa. Eit tiltak er å gi studentane tid – i løpet av undervisningsøkter – til at dei kan drøfte synspunkt som representantane kan ta med til møta i kvalitetsutvalet. I tillegg til kvalitetsutval, vert det gjennomført evalueringar av emne og program, der alle studentane kan gi tilbakemeldingar/synspunkt. Referat frå møta i kvalitetsutvala vert publisert i Canvas, og tilgjengelege for alle studentane og tilsette i studieprogrammet.

Det er eit generelt behov for å arbeide vidare med kva det inneber å vere vald studentrepresentant, og korleis ei slik rolle skal utøvast. Høgskulen har dei siste åra satsa meir på opplæring av studentmedlemmar i råd og utval, og ser at her er det meir som må gjerast framover.

Gjennom året har Studentparlamentet flytta inn i nyoppussa og betre lokale, som skal legge endå betre til rette for yrande studentmedverknad i alle delar av organisasjonen. Ein har også lagt vekt på studentmedverknad i oppussinga av Hans Strøm-huset, og her har studentorganisasjonane fått nye lokale til disposisjon.

3. Utvikle læringsmiljøet ved gjennomføring av campusutviklingsplanane

Vi har etter kvart fått fleire gode læringsareal, med fleire rom med flate golv, der det ligg til rette for meir variert og studentaktiv undervisning. Ombygging av Hans Strøm-huset gav fleire gode undervisningsrom og fleksible studieområde, og kan bidra til å heve kvaliteten i undervisninga.

Vi har også fått lokale som innbyr til at studentar og tilsette i større grad kan bruke lokala, også utanom tidfesta undervisning. Det er positivt at studentane har fått gode opphaldsområde. Dette vil truleg påverke læringsmiljøet og det sosiale miljøet blant studentane på ein positiv måte.

4. Vidareutvikle det høgskulepedagogiske tilbodet

Utdanningsfagleg kompetanse femner om universitets- og høgskulepedagogikk, universitets- og høgskuledidaktikk og kompetanse til å nytte digital teknologi som fremjar læring (jf. NOKUTs merknader til Studietilsynsfor skrifter). Høgskulen i Volda har studietilbod for dei tilsette for å ivareta alle desse tre områda. Pr. i dag har vi utvikla 7 tilbod, som tek utgangspunkt i vurderingar av kompetansebehov og etterspørsel i institusjonen. Til dømes er det eit stort behov for å auke kompetansen for rettleiing på masternivå i fagmiljøa våre. Talet på mastergrader aukar, og det same gjer talet på vitskapeleg tilsette som får oppgåver knytt til rettleiing på mellom anna masteroppgåver. Omgjeringa av

grunnskulelærerutdanninga til integrert masterutdanning er blant dei utviklingstrekk som har ført til at fleire i fagmiljøa må ha slik utdanningsfagleg kompetanse. Høgskulen har dei siste åra sett i gang fleire tilbod som rettar seg mot ulike deler av rettleiingsprosessen. Høgskulen i Volda vurderer den utdanningsfaglege kompetansen som god.

Mål 2: Ein fagleg sterk høgskule

HVO vil i perioden arbeide vidare for å heve kompetansen til den einskilde tilsette og til det samla fagmiljøet, og samtidig styrke høgskulen som ein attraktiv og utviklande studiestad prega av delingskultur og tilrettelegging for tverrfaglege samarbeid.

Styringsparameter

5. Arbeide for å oppnå akkreditering av ein ny ph.d. på lærarutdanningane

Hausten 2022 søkte Høgskulen i Volda NOKUT om å få etablere eit ph.d.-studium innafor humaniora og utdanningsvitskap med nemninga «Utdanning, språk og kultur». Høgskulen har fleire bachelor- og mastergrader som bygger opp til eit slikt program, og det nye tilbodet vil styrke koplinga mellom utdanning og forskning på heilt sentrale samfunnsområde.

I august 2023 var den sakkunnige komiteen frå NOKUT på institusjonsbesøk, og gjennomførte møte med ulike grupper ved HVO. Det møtte omlag 50 personar, som representerte ulike grupper ved HVO og moglege arbeidsgjevarar i framtida. Alle som var involvert, deltok både på formøte og ettermøte som ein del av prosessen. I desse møta hadde vi søkelys på innhaldet i sjølve programmet og kvifor doktorgrada er viktig for HVO, regionen og Noreg. Vi drøfta kva som er dei sterke og svake sidene ved søknaden og vi drøfta også sjølvakkrediterings-perspektivet.

Doktorgrada vert ei fleirfagleg forskarutdanning. Særleg vekt vert det på fagdidaktiske og andre tilnærmingar som går på tvers av disiplinær og profesjonar ved HVO: utdanningsvitskap, norsk og engelsk språk- og litteraturvitskap, historie, religion og livssyn og medie- og kulturfag. Doktorgradsprogrammet vil styrke forskinga i regionen, og dei som fullfører denne ph.d.-grada, vert aktuelle for stillingar på spesialistnivå i akademia, skuleverket, offentleg forvaltning og privat næringsliv. I samfunnet vert det stadig meir vektlegging av kunnskapsbaserte løysingar, og derfor vert det også behov for arbeidskraft med dette utdanningsnivået. HVO har ein unik fagleg profil i dette skjeringspunktet mellom utdanning, språk og kultur, og her treng heile landet meir kunnskap no.

6. Auka publisering ved å syte for at tilsette har god tilgang på FoU-ressursar og støtteordningar til fagleg utvikling

I 2023 hadde HVO ein auke i den vitskapelege publiseringa. Om hausten starta vi opp ei ny støtteordning med språkvaske

av tidsskriftartiklar, som vi håper vil gjere at fleire får sendt inn artiklane sine til fagfellevurdering raskare.

Høgskulen i Volda har sett inn tiltak for å auke kvaliteten på forskingsleiing, og vi arbeider målretta for å få på plass ein betre kultur for forskning. Alle tilsette i vitskapelege stillingar vart oppmoda om å delta i ei forskingsgruppe, og topp- og førstekompetente vert bedd om å ta ansvar for å dra med seg nyttilsette i større eller mindre prosjekt. HVO gir støtte til forskingsgruppene frå fellesnivået. Fleire fagmiljø har arrangert felles skriveseminar, primært for å hjelpe i gang dei som har lite publiseringserfaring.

FoU er ein del av medarbeidersamtalen, og ein nyttar FoU plan/og rapport aktivt i denne samtalen. Den tilsette må setje seg konkrete mål som vert følgd opp av næraste leiar.

Den langsiktige planen for kompetanseutvikling vil også bidra til tydelegare målsetjingar, og gi retning for kva som må til for å oppnå betre resultat.

7. Styrke internasjonalt samarbeid

I 2022 starta HVO opp ei ny ordning med utanlandsstipend for reiser mellom 1 og 6 månader som også inkluderer vitskapeleg tilsette. I 2023 var det åtte tilsette som var på utanlandsopphald. I tillegg var 31 tilsette på kortare opphald med Erasmus+-stipend. Å utvide samarbeid om FoU med dei utanlandske partnerane våre er eit viktig satsingsområde for HVO og fleire av forskargruppene ved HVO har større og mindre samarbeid med internasjonale partnerar.

På det internasjonale feltet har Master in Media Practices dobbeltgradavtale med både Fachhochschule Kiel og Hochschule RheinMain (HSRM). Det vert arbeidd med å opprette ei dobbeltgrad saman med Manipal Academy of Higher Education i India.

Mange av utdanningane har tydelege føringar for utveksling i studieplanen, og det varierer frå utdanning til utdanning kor mange studentar som vel utveksling. Særleg på medie-fag vel mange av studentane utveksling, medan det i mindre grad vert valt i andre utdanningar. Mange av utdanningane har omfattande internasjonalt samarbeid knytt til praksis, mellom anna med land i Europa, Tanzania og India.

8. Utvikle ein kompetanseutviklingsplan og ta den i bruk som eit viktig strategisk verktøy i rekruttering og intern kompetanseutvikling

For å lykkast med utvikling og endring er arbeidet med å få på plass ein langsiktig kompetanseutviklingsplan vesentleg, og han skal vere til hjelp i det strategiske arbeidet. Målsettinga er at planen skal gi betre oversikt i høve eigen kompetansekapital og kva som er kompetansebehova, både på lang og kort sikt. Planen skal gi oversikt både på organisasjons- og individnivå, og skal vere eit verktøy med tanke på strategisk kompetansestyring og bemanningsplanlegging. Han vil bidra til å sikre både

organisasjonen og den enkelte medarbeidar nødvendig kompetanse for å nå definerte mål, samt peike på tiltak for å sikre riktig og nødvendig bemanning. Ein heilskapleg kompetanseplan vil gi betre styring, betre resultat og kan bidra til å skape meir tryggleik i organisasjonen enn enkelttiltak.

9. Synleggjere fagkompetansen og styrke det tverrfaglege samarbeidet gjennom betre ekstern og intern kommunikasjon

Ordninga med innsetningsforedrag for nye professorar og dosentar i samband med opprykk eller tilsetjing i toppstilling, er ein god måte å synleggjere fagkompetansen på tvers av avdelingane ved HVO. Ordninga bør utnyttast i større grad i tida framover og marknadsførast eksternt.

Internkommunikasjonsprosjektet ved HVO har i 2023 jobba med å presentere korleis HVO kan nytte Microsoft 365-plattformen (M365) til betre å støtte interkommunikasjon i organisasjonen. Plattformen har skreddarsydde verktøy for ulike oppgåver, som t.d. intern nettside og samhandlingsverktøy, og er alt godt etablert i organisasjonen. Leverandøren brukar også mykje ressursar på vidareutvikling av løysinga. Lansering av internsida, «Tavla», er gjort i januar 2024.

Ein har også bygt ein betre infrastruktur rundt rektor sitt nyhendebrev som går ut både internt og eksternt og er ein viktig informasjonskanal ut i regionen.

Mål 3: Ein kompetent region

HVO vil i perioden forsterke og utvide samarbeidet med regionale aktørar for å styrke den samla kompetansen i regionen, særleg møre og romsdal.

Styringsparametrar

10. Styrke arbeidsrelevansen gjennom innovasjon og samskaping, særleg med regionale aktørar

Hausten 2023 starta vi opp praktisk-pedagogisk utdanning (PPU) ved Høgskolesenteret i Kristiansund. Vi tilbyr både allmennfag- og yrkesfagutdanninga på deltid i Kristiansund og over to år. Tilbodet er samlingsbasert med nettstøtte. Dette vil tilføre viktig kompetanse til Nordmøre, og gi folk i nordfylket betre moglegheit til å kvalifisere seg til å undervise. Gjennom dette tilbodet dekkjer Høgskulen i Volda betre behovet i heile fylke enn tidlegare. Av erfaring veit vi at mange ikkje har så stor mobilitet internt i fylket når dei søker utdanning – mange ser etter tilbod lokalt eller flytter til dei store byane. Derfor er dette ei viktig utvikling for å gi eit betre regionalt tilbod og god tilgang til utdanning for alle.

Tilsette frå HVO deltek i utviklingsarbeid innanfor ulike tema både på Søre Sunnmøre, Nordre Sunnmøre og Romsdal, samt i Møre og Romsdal fylkeskommune. Arbeidet omfattar mange av

barnehagane og skulane i fylket. Dei fagtilsette arbeider aktivt inn mot både lærar- og leiarnivå ute i regionane for å bidra til at utviklingsarbeidet som vi deltek i er forskingsbasert både i fagleg innhald og i form.

HVO og Møre og Romsdal fylkeskommune har gjennom mange år vore i partnerskap med Seanse – senter for kunstproduksjon, som er lokalisert ved HVO. Gjennom tilrettelegging av kunstnaropphald i Volda bidreg Seanse med rettleiing av kunstproduksjonar som turnerer regionen og landet elles gjennom Den kulturelle skulesekken. Seanse er ein viktig bidragsytar til auka kvalitet i kunstproduksjonane og er ein ressurs for kunstnarar i regionen og tilsette ved AKF.

Etter ein felles søknad «POE» (Praksis-Oppdrag-Entreprenørskap) om satsing på arbeidslivsrelevans vart AMF og AKF tildelt 5 millionar NOK over tre år (2022–24) til dette prosjektet. Å legge til rette for kvalitetssikring og arbeidsrelevans i høgare utdanning i kultur- og mediefag gjennom å utvikle potensiale for praksissamarbeid mellom eit breitt spekter av relevante private og offentlege aktørar. I 2023 arbeidde ein med å etablere og prøve ut eit digitalt Praksis- og oppdragsnettverk som møteplass mellom arbeidslivet og studentar. I oppdragsnettverket kan næringsliv og offentlege etatar legge ut prosjektføresurnader og prosjekttilbod til studentane sine bachelor- og masteroppgåver og til andre oppdrag som er aktuelle for studieprogram/emne.

Det har sidan 2013 vore eit samarbeid mellom Sunnmøre Kulturnæringshage, Høgskulen i Volda, Volda kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune med hovudmål å etablere eit innovasjonsselskap på Søre Sunnmøre. Etableringa har vore igjennom eit for- og eit hovudprosjekt og har no gått over i ei operasjonell fase. Føremålet med selskapet er å fremje næringsutvikling og kommersialisere kunnskap som oppstår i, og i samarbeid med, akademia, organisasjonar og verksemder innan privat og offentlig sektor. Høgskulen i Volda har ei aktiv rolle inn i dette selskapet, som og planlegg å etablere seg i eit nytt byggeprosjekt tett opp til campus.

11. Utvikle meir praksisnære utdanningar, og auke omfang og ambisjonsnivå på fagleg utvikling og forskning i samarbeid med praksisfeltet

Studieporteføljen på høgskulen består av mange vidareutdanningar, og vi har også høgt trykk på etterutdanning. Våre tilsette er dermed i tett kontakt med arbeidslivet, noko som er med på å gjere utdanningane våre meir arbeidslivsrelevante og praksisnære. Innan lærarutdanningane har vi særleg stort trykk innanfor dei nasjonale og regionale vidare- og etterutdanningsordningane.

Praksisfeltet vert aktivt invitert inn i seminar og konferansar i regi av fagmiljøa med sikte på ideutveksling, utveksl impulsar, utvikle samarbeid og saman skape meir praksisnære og relevante utdanningar og praksisnær forskning. Høgskulen nyttar personar



frå praksisfeltet bevisst inn i utdanningane, til mellom anna gjesteforelesing og andre aktivitetar. Dette er eit område der høgskulen har arbeidd mykje og godt over tid, men vi leitar aktivt etter måtar å gjere studentane betre budd på arbeidskvardagen dei skal ut i etter studia er gjennomførte.

12. Prioritere berekraft i utdanning, forskning, utvikling og drift

Det vert arbeidd systematisk med berekraft i undervisning og forskning på alle avdelingane og fellesadministrasjonen. I handlingsplanen til høgskulen er det ei målsetjing å auke medvitet om berekraftperspektivet i utdanningane våre, til dømes gjennom å inkludere berekraftsmål til FN i arbeidskrav og emneskildringar.

Fleire forskarar og forskingsgrupper ved høgskulen arbeider med temattikk som er relevant for berekraft, sjå nærare omtale under 4.2.6. Støtteordninga for utanlandsopphald for forskarar har innarbeidd eit berekraftsperspektiv ved å avgrense talet interkontinentale reiser på bakgrunn av både miljømessig og økonomisk berekraft.

Møre og Romsdal fylkeskommune inngjekk i 2023 eit samarbeid

med høgskular og forskingsinstitusjonar i fylket om å finansiere seks stipendiatstillingar. Prosjektet har eit overordna tema: «Sirkulære system for eit berekraftig Møre og Romsdal». HVO deltek i samarbeidet med ein Ph.d.-stipendiat som starta opp i september på eit doktorgradsprogram ved NMBU. Prosjektet skal undersøke om offentlege innkjøp kan vere eit verktøy i overgangen mot sirkulær økonomi.

I høve ombygging og rehabilitering av Hans Strøm-huset har det vore fokus på gjenbruk både frå Statsbygg og HVO si side. I forkant vart det gjennomført ei ombrukskartlegging der gjenbruk av bygningselement og tilgjengeleg inventar har hatt høg fokus.

Høgskulen i Volda er miljøfyrtårn.

Rapportering på andre område

Investeringar

Det har vore eit år med høge investeringar for HVO. Det er bokført totalt 93,1 mill. kroner i investeringar. Hans Strøm-huset vart ferdig til tid og forventa kostnad. Ombygginga som HVO sto for, var

delfinansiert av brukarfinansiering. Dei tilsette tok bygget i bruk i november og studentane starta si undervisning i bygget i januar 2024. Dette er eit særskilt viktig og godt prosjekt for HVO, der vi har hatt fokus på våre samfunns mål, effektmål og resultatmål.

Samtidig har vi klart å gjennomføre fleire prosjekt som vart overført frå 2022, der vi hadde ei overføring på 8,8 mill. kroner til 2023. Dette er generelle drifts- og campusrelaterte kostnader, inklusiv oppgradering av undervisningslokale, ferdigstilling av sykkelhotell, nye møblar og lydisolering i biblioteket, nye lokale til studentparlamentet, ute-møblar og IT-utstyr.

Midlar tildelt over andre kapittel

HVO fekk i endeleg tildelingsbrev 20. desember 2023 ekstramidlar til å styrke barnehageutdanninga (BLU). Gode barnehagelærarar er nødvendig for god pedagogisk kvalitet i barnehagen, og det er viktig at utdanninga har høg kvalitet, er godt forankra i forskning og nært knytt til praksisfeltet, står det i tildelinga. I høve statsbudsjettet vart det tildelt 50 mill. kroner ekstra til dette på nasjonalt nivå. HVO fekk tildelt 2.150.000 kroner over kap. 231, post 21 til dette

formålet. Midlane vert nytta til betre samarbeid mellom dei ulike kunnskapsområda og tettare kontakt mellom utdanninga og praksisfeltet. Både tilsette i vitenskaplege og administrative stillingar, studentar og praksislærarar tek del i dette arbeidet.

I tillegg har HVO vorte tildelt 2.170.000 kroner over kap. 275, post 21 til utvikling og drift av partnerskap i lærarutdanninga. Midlane vart nytta til partnerskapsarbeid med tre lærarutdanningsskular (LU-skular), Velle skule i Ørsta, Øyra skule i Volda og Ulstein ungdomsskule. HVO har òg partnaravtalar med to lærarutdanningsbarnehagar (LU-barnehagar), Mosmarka barnehage (privat) i Ørsta kommune og Tennfjord barnehage (kommunal) i Ålesund kommune. Dette er ei utviding av den ordinære samarbeidsavtalen om praksisopplæring i grunnskuleutdanningane og i barnehagelærarutdanninga, og har som mål å utvikle kvalitet og samarbeid i lærarutdanningane.



Del IV: Styring og kontroll i verksemda

Del 1: Rapportering om styring og kontroll

Samla sett vurderer Høgskulen i Volda at vi har eit system for styring og kontroll som i stor grad er tilpassa risiko, kor viktige sakene er, og høgskulen sin eigenart.

HVO nyttar mål- og resultatstyring tilpassa verksemda som grunnleggjande styringsprinsipp. Følgjande moment er vurderte i samband med dette:

- om fastsette mål og resultatkrav vert nådde
- om ressursbruken er effektiv
- om lover og reglar vert haldne
- om resultat- og rekneskapsinformasjon er relevant og påliteleg
- om vesentleg styringssvikt, feil og manglar vert avdekte og handterte
- om internkontrollen er dokumentert

Høgskulen i Volda har etablerte system, rutinar og tiltak for internkontroll med vekt på faktorar som går fram av «Bestemmelser om økonomistyring i staten» punkt 2.4. Det vert gjennomført intern kontroll og oppfølging av eventuelle avvik.

Høgskulen har ikkje fått vesentlege merknader frå Riksrevisjonen dei siste åra.

Del 1 i nytt delegeringsreglement for Høgskulen i Volda vart godkjend av styret i mai. Oppdatert instruks for rektor og direktør vart også vedtatt. Del 2 i delegeringsreglementet vert arbeidd vidare med. Nytt mandat for Forskingsutval og Utdanningsutval er også kome på plass.

Mål og resultatkrav vert langt på veg nådde, men vi er merksame på ein nedgang både i volum studentar og gjennomstrøyming. Det betyr at vi ikkje har nådd alle mål vi sette oss for 2023. Ressursbruken er effektiv, og det vert arbeidd aktivt med vidare effektivisering og digitalisering. Lover og reglar vert etterlevde så langt vi kjenner til. Det er ikkje avdekt vesentlege feil i samband med rapportering av resultat eller rekneskapsinformasjon. Det er ikkje avdekt vesentleg styringssvikt, feil eller manglar. Ved mindre avvik er dette følgt opp, og det vert gjort tiltak for å hindre at det skjer igjen.

Det vert arbeidd systematisk med GDPR, personvern i forskning og overordna risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) knytt til beredskap i heile organisasjonen. Handbøker vert reviderte og oppdaterte i samsvar med endringane. Årleg gjennomgang av HMS-systemet vert gjennomført og dokumentert.

Vi har ikkje fått rapport frå HK-dir for 2023 i hende enno. Dei har tidlegare meldt tilbake at dei har eit positivt inntrykk av vårt arbeid, og at vi har forbetra vår etterleving av Kunnskapsdepartementet sin policy for informasjonssikkerheit og personvern. Styret har tidlegare

gjort vedtak om at HVO ikkje etablerer ein internrevisjon per i dag. Det skal gjerast ei ny vurdering i 2024.

I 2023 er internt regelverk for offentlege anskaffingar godkjent av høgskulestyret.

I samband med utarbeiding av planar for komande år vert det gjort ei overordna risikovurdering av forhold som kan verke inn på evna til å nå mål og resultat på sikt. Risikovurderinga er godkjend av høgskulestyret. Dei største risikoane det vert arbeidd med i dag er som følgjer:

- Framleis svake resultat på forskning kan få konsekvensar for utdanningane våre når det gjeld akkreditering, økonomi og omdømme
- Det kan bli utfordringar med å rekruttere fagfolk på enkelte område
- Vi må truleg drive verksemda med lågare løyvingar framover
- Svak rekruttering av studentar på enkelte studium

Del 2: Rapportering på andre føresetnader og krav, jamfør tildelingsbrevet

4.1 Fellesføringar frå regjeringa

4.1.1 Lærlingar og studentar

Verksemda har til ei kvar tid tre lærlingar innan IT-driftsfag. Verksemda er knytt til opplæringskontoret i Møre og Romsdal fylkeskommune. Vi har få studentar i praksis frå andre institusjonar, men studentar ved Avdeling for mediefag har ein omfattande intern praksis, der dei publiserer nyhende på TV, radio og nett.

4.1.2 Redusere konsulentbruken

Høgskulen i Volda har hatt fokus på konsulentbruk, og bruker konsulenttenester berre der ein ikkje har kompetanse eller egne ressursar. Totale kostnader har gått litt opp i 2023, der den største kostnadsauken gjeld kommunikasjonsrådgjeving. Denne auken gjeld primært rekrutteringskampanjar for å tiltrekke seg nye studentar.

4.1.3 Moglegheiter for desentralisert arbeid

Per no har høgskulen ingen generell avtale for desentralisert arbeid. Enkelte tilsette har fått særskilde tilpassingar for å kunne arbeide desentraliserte grunna livsfaseutfordringar eller geografi. Høgskulen er avhengig av at mange tilsette er fysisk i Volda for å bygge eit godt læringsmiljø for studentane og bygge sterke fagmiljø. Det er difor ikkje mogleg å legge til rette for meir utstrekt bruk av desentralisert arbeid på noverande tidspunkt.

4.2. Andre krav

4.2.1 Sikkerheit og beredskap

Kartlegging av eigne verdiar og avhengigheiter er ikkje utført. Dette vil bli gjennomført i løpet av våren 2024, i samband med planlagt revisjon av ROS-analyse.

ROS-analysen knytt til samfunnsikkerheit og beredskap vart oppdatert i 2022 i tråd med KD sitt **Styringsdokument**. Nasjonal rettleiar frå Beredskapsrådet for kunnskapssektoren vart brukt som hjelp i planlegging og gjennomføringa. I juni 2023 vart det gjort ein gjennomgang av analysen frå 2022 og det vart vurdert at tidlegare identifiserte område med høg risiko framleis er aktuelle. Framleis krig i Europa medfører at HVO må arbeide kontinuerleg med tiltak på områda sikkerheit, beredskap og informasjonssikkerheit.

Desse områda er identifisert med høg risiko:

- Ulukke student/tilsett i utlandet (1)
- Ulukke student/tilsett innanlands (2)
- Pandemi (3)
- Trussel mot sentrale IKT-tenester/Digitale angrep/Informasjonssikkerheit og personvern (4)
- Trussel mot student/tilsett/arrangement ved HVO (5)
- PLIVO (6)

Tema for kriseøving 2023 var PLIVO (Pågåande livstruande vald). Målsettinga var rolleforståing og -utøving i ein PLIVO situasjon, samt bidra til å auke risikoerkjening i organisasjonen.

Viktige læringspunkt etter øvinga:

- Drift må vere representert i kriseleiinga, dei kjenner bygga, viktig at dei er med i diskusjonar og får øvd. Dette vert tatt inn ved revisjon av beredskapsplanen.
- Det er behov for medietrening, ei stor hending vil medføre behov for pressekonferanse. Høgskulen har interne ressursar til å få gjennomført øving for målgruppa, tiltaket vert følgt opp i 2024.
- Det er behov for å gjere ROS-analysen knytt til samfunnsikkerheit og beredskap kjend blant tilsette. Dette er eit langsiktig arbeid som så vidt starta i 2023. Målet er å gi tilsette handlingskompetanse, sikresiden.no er ressurs.
- Behov for å plassere ut førstehjelpsutstyr i undervisningsrom, arbeidet er i gang.
- Behov for å avklare kva ein skal gjere i undervisningsrom der ein ikkje kan låse frå innsida, oppfølging i 2024.

Arbeidet med å utarbeide eit overordna styringssystem for sikkerheit er ikkje fullført. Deler av dei elementa som skal vere med i styringssystemet, er på plass. Arbeidet med styringssystem vert prioritert i 2024.

4.2.2 Informasjonssikkerheit og personvern

Høgskulen i Volda opplevde i 2023 ingen store hendingar knytte til informasjonstryggleik. Den største utfordring vår er nok underrapportering av hendingar. Rapporten frå Riksrevisjonen peikar på kritikkverdige tilhøve i UH-sektoren som også vedkjem oss og vi vil i 2024 ta grep for å følgje opp desse. Vi har i 2023 auka kravet til lengd på passord for brukarkontoar og innført to-trinns verifisering, samt skaffa eit nytt back-up system. Vidare starta vi på tampen av 2023 eit prosjekt som tek sikte på å innrullere alle Mac-maskiner i same flåtestyrings-regime som Windows-maskiner, og dette vil vere eit viktig prosjekt i samband med kontroll, kvalitet og sikring av maskiner i vårt nettverk.

Overgang til skylagring for alle tilsette er gjennomført. Vi har gjennomført øvingar for å avdekke forbetringar i beredskapsarbeidet, og kontinuitetsplanar er gjort ferdig.

SIKT personverntenester er vår tenesteleverandør på vurdering av personvernkonsekvensar i forskning. Avtalen er no på reforhandling og HVO er ikkje nøgd med dagens avtale. Vi har identifisert utfordringar med kompetanse og kostnader for å halde oss oppdatert i ein trusselsituasjon mot informasjonstryggleik som aukar. Dette har vi påpeika i den overordna risikovurderinga vår.

Vi har etablert det vi kallar Tavla, ei intern nettløysing/intranett. Tidlegare har vi ikkje hatt nettsider som berre er tilgjengelege internt, så dette vil betre informasjonsflyten og bidra til at informasjon som berre trengs internt, ikkje kjem ut.

4.2.3 Løns- og arbeidsvilkår

HVO stiller krav til rammeleverandørar om at det skal kunne leggst fram dokumentasjon på løns- og arbeidsvilkår.

4.2.4 Likestilling og mangfald

Kjønnsbalanse og mangfald i akademia er vesentleg utifrå prinsipp om likestilling, demokratiske ideal, nasjonale mål, og relevans og kvalitet i forskinga. Likestilling- og mangfaldsarbeidet ved HVO er forankra i vår nye Handlingsplan for likestilling og mangfald, som vart ferdig i 2023. Likestilling og mangfald er sak i dei fire faste møta i arbeidsmiljøutvalet (AMU).

Det vert gjennomført regelmessig opplæring til dei som har innstillingsmynde og tilsetjingsorgan om regelverk for likestilling, mangfald og diskriminering. Dette er eit kontinuerleg og langsiktig arbeid. Utreiing om arbeidet HVO gjer for å fremje likestilling og hindre diskriminering er tilgjengeleg for alle tilsette på heimesida.

I 2023 utgjorde kvinner i faglege årsverk 56 % totalt. Mellom stipendiatane var 66 % av årsverka utført av kvinner medan alle som disputerte på doktorgradsprogram i 2023 var kvinner. For førsteamanuensane og førstelektorane var det full kjønnsbalanse med 50% menn og 50% kvinner. Når det kjem til dei toppkompetente, var kvinnene framleis i mindretal i

2023 med 36%. Vi er likevel nøgd med at vi har gjort eit stort byks framover dei to siste åra frå 25 % i 2021. På det lågaste karrieretrinnet, høgskulelektorar, er det framleis ei overvekt kvinner med 66 %. Ved HVO arbeider vi målretta med utvikling av toppkompetanse generelt, og av kvinneleg toppkompetanse særskild. Balanseprosjektet vårt frå Forskingsrådet i 2021 og 2022 har vore medverkande til at HVO har fått betre kjønnsbalanse for dei toppkompetente. I 2023 sendte vi ny balansesøknad med fokus på både likestilling og mangfald. Denne vart innvilga og prosjektet «Equality in sight» vil starte opp i 2024.

Når det gjeld mangfald – særleg representert ved innvandrarar og etterkommarane deira – er både tal og medvit ved HVO meir uklart. Tilstandsrapporten viser til at 5,6 prosent av studentane ved HVO kjem frå gruppa norskfødde med innvandrarforeldre frå ikkje-vestlege land. Dette er lågare enn det som er representativt for prosentdelen innvandrarar av befolkninga i Noreg i følgje Statistisk sentralbyrå. Tilsvarande tal manglar for dei tilsette, men personallistene viser at det er svært få i denne kategorien ved Høgskulen i Volda. Vi har likevel internasjonalt rekrutterte forskarar. For å spegle mangfaldet i befolkninga må HVO verte meir medvitne om å rekruttere tilsette med innvandrarbakgrunn.

4.2.5 Avsetningar

HVO kan sette av 5% av løyvingane frå statsbudsjettet til «andre formål». Totalt avsetningsgrunnlag for 2023 er på 448,7 mill. kroner der 5% gir ein berekna avsetning på 22,4 mill. kroner. Avsetningane ut over 5% må settast av til investeringar, som igjen skal godkjennast av styret i form av ein langsiktig investeringsplan. HVO har totale avsetningar til investeringar ved utgangen av 2023 på 19,6 mill. kroner.

Det vart i 2023 inndrege 13,4 mill. kroner til investeringar frå avdelingane og fellesadministrasjonen. Avsetningsgrunnlaget varierte frå 4 til 15%.

Grunnen til at HVO har avsetningar og kan sette av til investeringsformål, er mellom anna ubrukne midlar på interne prosjekt og høgare sjukefråvær enn forventa. I tillegg har HVO høgare BOA-aktivitet i 2023 som gjer at fleire ressursar vert nytta inn mot dette.

Auka avsetningar til investeringsformål har mellom anna gjort det mogleg å oppgradera bygningsmassen raskare. Dette har ført til betre læringsmiljø for studentane, noko som er forventa å gi betre måloppnåing.

4.2.6 Oppfølging av FN's berekraftsmål

Høgskulen i Volda har to Forskingsrådsprosjekt som jobbar opp mot FN sine berekraftsmål. Prosjektet «Programmering for utvikling av matematisk kompetanse» tek sikte på å verte eit leiande fagmiljø og kompetansesenter for programmering i matematikk i grunnskule og vidaregåande opplæring, som kan bidra til å auke utdanningskvaliteten globalt. Dette prosjektet støttar eksplisitt opp om berekraftsmål 4 om god utdanning. Prosjektet «Avvergeplikt i møte med partnervald» svarer på ei sentral samfunnsutfordring og møter eit stort folkehelseproblem i Noreg og globalt. Kunnskapsplattforma for berekraftig utvikling framhevar omfanget av vald i nære relasjonar over heile verda ettersom 1 av 5 kvinner og jenter mellom 15 og 49 år har rapportert å ha opplevd fysisk eller seksuell vald frå ein partner innan ein 12-månaders periode. Prosjektet har relevans for berekraftsmål 3 om «God helse og livskvalitet» og berekraftsmål 5 om «Likestilling mellom kjønna». Høgskulen har også andre forskingsresultat som er relevante for berekraftsmåla. Verd å nemne er såkornmidlar nytta i 2023 til utviklinga av ein NFR-søknad om «Utdanning for berekraftig utvikling» som vert sendt inn i 2024. I tillegg har Møre og Romsdal fylkeskommune finansiert ei stipendiatstilling innanfor sirkulær økonomi med oppstart i 2023 (sjå også Utviklingsavtalen punkt 12).

4.2.7 Klima og miljø

Høgskulen i Volda er Miljøfyrtårn, noko av dette arbeidet er knytt opp mot berekraftsmåla. Dette gjeld mellom anna mål 8, anstendig arbeid, der HVO set mål og dokumenter korleis det vert jobba systematisk på HMS-området for å redusere sjukefråvær. Punkt 12, forbruk og produksjon, er knytt opp til avfall og ombruk. I 2023 er det mellom anna tatt initiativ overfor Volda kommune og Volda og Ørsta reinhaldsverk om å få på plass eit formalisert samarbeid om ombruk av møblar og utstyr. Ein tilsett har delteke på kurs om berekraftige anskaffingar i 2023. Det er etablert kjeldesorteringsstasjonar i nye og renoverte lokale, eit tiltak for å legge til rette for kjeldesortering for både tilsette og studentar. I 2023 vart det òg utarbeidd ny reisepolicy for tilsette hausten 2023. Ein dieselbil vart bytta til el-bil, fire av fem bilar er no el. Det er lagt til rette for sykling til jobb med sykkelhotell og dusj. Det vart arrangert kampanje for å få fleire til å sykle i 2023.

Avsetninger til andre formål og investeringar fra Kunnskapsdepartementet	Bevilgning for 2023	Avsetning pr. 31.12.2023 i kr	Avsetning pr. 31.12.2023 i pst.
Avsetninger til andre formål	448 713	22 436	5,0 %
Avsetninger til investeringar	448 713	19 637	4,4 %
Sum avsetninger fra Kunnskapsdepartementet	448 713	42 073	9,4 %

4.2.8 Campusutviklingsplanar og større byggeprosjekt

Høgskulestyret vedtok høgskulen sin andre campusutviklingsplan i september 2020. Denne kan finnast på høgskulens nettsider:

<https://www.hivolda.no/om/campusutviklingsplan-hvo-versjon-2>

Campusutviklingsplanen gjeld frå 2020 og framover, og tok utgangspunkt i høgskulen sin strategi 2017–2021. I den nye vedtekte strategiplanen for Høgskulen i Volda 2022–2029 står campusutviklingsplanen sentralt. Styret har hausten 2022 vedteke ein langsiktig investeringsplan som no er oppdatert og vil bli vedteken på styremøte i mars 2024. Tiltaka fell godt saman med ambisjonane og satsingsområda i den nye strategien.

Mellom anna har høgskulen ambisjon om å ha «eit attraktivt høgskuleområde med læringsarenaer og møteplassar som fremjar innovasjon, digital kompetanse og samskaping mellom studentar, tilsette og arbeidslivet».

Det er fleire av tiltaka i campusutviklingsplanen som vil støtte opp under dette, mellom anna realisering av Norsk innovasjonsenter, vidare oppgradering av fleire opne studentareal og undervisningsrom som legg til rette for studentaktiv læring.

Høgskulen tok Hans Strøm-huset i bruk i november 2023, og har vorte eit framtidretta og funksjonelt bygg som og støttar oppunder høgskulen sine effektmål for campusutviklinga. I tillegg har HVO nytta midlar til prosjektet som vart tildelt frå Kunnskapsdepartementet for oppgradering av forskings- og læringsareal. Det har og vore stort fokus på gjenbruk både av bygningsmateriell og inventar i prosjektet.

Oppfølging av Strategi for digital omstilling

Høgskulen i Volda arbeider aktivt med å implementere system og initiativ som kjem gjennom sektoren frå HK-dir og Sikt, og vi søker å være representert i alle aktive fora som er relevante i sektoren. Høgskulen har óg teke eigne initiativ for å oppfylle visjonane i strategien for digital omstilling. Vidare i rapporten vil vi skissere dei tiltaka som har vore jobba med i 2023. Vi har valt å systematisere tiltaka etter dei seks strategiske innsatsområda i strategien.

Digitalisering for fleksibel utdanning

Høgskulen i Volda har ein høg andel studentar som tek heilt eller delvis nettbaserte utdanningar. Vi har i 2023 jobba både med korleis bygg og digitale verktøy skal støtte alle studentar, både dei som er fysisk på campus og dei som tek utdanningar på nett. For alle studentar er kvaliteten på innhaldet som dei finn i læringsplattforma (Canvas) viktig. Høgskulen i Volda har, som ein av få institusjonar i Noreg, tatt i bruk DesignTools frå Cidilabs. Dette er eit tilleggsverktøy som gir fagtilsette moglegheiter til å lage innhald som både stettar krav til universell utforming og strukturerer innhaldet på ein måte som fremmar læring. I 2023 har vi jobba vidare med å implementere dette verktøyet i heile organisasjonen.

Hausten 2023 søkte høgskulen om midlar gjennom

Kompetansehevingsprogrammet for universell utforming 2023 utlyst av HK-Dir. Prosjektet det vart søkt midlar om går i korte trekk ut på å identifisere behov for opplæring og oppdatering av innhald for å tilfredsstille krava til universell utforming – mellom anna gjennom støtte til arbeidet med innhaldsproduksjon. Søknaden vart innvilga og arbeidet med dette prosjektet starta i desember 2023.

Hans Strøm-bygget ved Høgskulen har i 2023 vorte renovert og vart ferdigstilt i desember 2023. I det renoverte bygget er det lagt til rette for at studentar kan delta i undervisninga både gjennom fysisk oppmøte og gjennom digitalt oppmøte (hybrid undervisning).

Høgskulen har hatt ei satsing på virtuell teknologi (VR) og vi har no fått i gang eit internasjonalt samarbeid mellom Avdeling for mediefag ved Høgskulen i Volda og Universitetet i Florida. I dette samarbeidet møtest studentane i Volda og Florida i ei virtuell verd og kan samhandle og dele fagleg innhald. Dette er eit område vi vil utforske korleis vi kan vidareutvikle i 2024.

Vi har i 2023 flytta bruken av lokale nettverksdiskar ut i nettskyar gjennom bruk av Office 365 og OneDrive/Teams. Det er forventa at dette vil gi ei betre oppleving for tilsette og studentar, som vil kunne nå sine filer på ein langt meir effektiv og tryggare måte enn tidlegare, samt føre til betre samhandling.

Digital innovasjon i undervisning og læring

Læringsverkstaden ved Høgskulen i Volda er ei støttetjeneste og læringsressurs for digital utvikling og studiekvalitet ved HVO. Læringsverkstaden støttar fagtilsette og studentar i å vidareutvikle profesjonsfagleg digital kompetanse, studentaktive lærings- og vurderingsformer, digital didaktikk og arbeidslivsrelevans med bruk av digitale ressursar. Læringsverkstaden tilbyr digitale og fysiske kurs og opplæring knytt til fagspesifikke ressursar og fellessystem ved HVO. I løpet av det siste året har vi styrka denne satsinga og den er no sjølvgåande som tilbod, og vert vidt nytta av både tilsette og studentar.

Høgskulen i Volda har innført digital oppmøteregistrering for alle emne med obligatorisk oppmøte, ved å ta i bruk appen Notice of Attendance (NOA). Dette betyr at vi har fått standardisert oppmøteregistrering på ein måte som er konsekvent mellom alle emne og avdelingar, juridisk haldbar, gir ei langt betre oversikt for den enkelte student og ikkje inneber bruk av spesialsydd rekneark og oppmøtelister.

Arbeidslivsportalen, ei sektorløysing for arbeidslivs praksis, har vore pilotert ved Høgskulen i Volda. Løysinga vart nytta ved grunnskule- og barnehagelærarutdanninga. Kvaliteten på, og kor eigna systemet er, er ikkje tilfredsstillande og løysinga vart ikkje vidareført i sektoren.

Digitale tema, metodar og kompetanse i alle fag

Læringsverkstaden ved Høgskulen i Volda skal fungere som eit nav i organisasjonen for å stimulere til at digitale tema, metodar og kompetansar vert ein del av alle fag. Læringsverkstaden har hatt tilbod om ulike kurs og seminar om korleis ein kan bruke digitale metodar i sine fag og dei tilsette har også tilbod om at Læringsverkstaden, i samarbeid med dei fagtilsette, kan bidra i gjennomføringa av undervisningsopplegg innan digitale tema. Dette gjer Læringsverkstaden både gjennom å gje studentar opplæring i digitale kompetansar og metodar og ved å gje studentar støtte undervegs i gjennomføringa av slike opplegg. På denne måten vert terskelen for å gjennomføre undervisningsopplegg som krev teknisk kompetanse, lågare.

Kunstig Intelligens (KI) tok verda med storm i 2023. Vi har etablert ei KI-gruppe som ein del av IT-avdelinga, med ansvar for å sette seg inn i og halde seg oppdatert på teknologien, og fungerer som ressurspersonar for resten av høgskulen. Tilsette har jamleg hatt tilbod om kurs og seminar om temaet og i november arrangerte høgskulen eit ope seminar om kunstig intelligens. Dette seminaret vart ein møteplass mellom høgskulen, interesserte bedrifter og organisasjonar. Vi har også etablert KI-Chat frå Sikt som teneste ved Høgskulen i Volda.

Open forskning og nye forskingsmoglegheiter

Høgskulen i Volda har jamleg tilbod om opplæring innan digital teknologi i forskning. Opplæringa vert gitt både til studentar og tilsette ved høgskulen. I 2023 har vi jobba med å bruke digital teknologi i datainnsamling og bearbeiding av data.

Vi har også her sett på kva moglegheiter bruk av kunstig intelligens kan gje i forskingsarbeidet, til dømes i reviewarbeidet. Dette er eit område vi vil jobbe vidare med i 2024.

Utnytte data om kunnskapssektoren

Arbeidet med innføring av UH Sak starta opp i 2023. Ei mottaksgruppe er utnemnd, og vi er i gang med å implementere nokon av dei tekniske forutsetningane, slik som IntArk, OrgReg og ROLF. Vi er også godt i gang med arbeidet med kartlegging av prosessar. Etter den siste i rekka av utsetjingar av UH Sak er dette arbeidet sett litt på vent. Vi bidreg i sektorinitiativa rundt dette arbeidet og er representert i relevante forum for å halde oss oppdatert på arbeidet med innføring av UH Sak i sektoren.

Vi er representerte i nettverk for innføring av UH-IAM, og deltar i månadlege statusmøte med erfaringsdeling frå andre skular som er framfor oss i køa for innrulling, samt at vi har eit tett samarbeid med Høgskolen i Molde som hjelper oss å klargjere grunnen for UH-IAM.

Vi har innført forenkla digital signering på dokument som må signerast, men som ikkje er arkivpliktige, som til dømes avtalar mellom avdelingar/institutt og fakturakvitteringar. Alt som er arkivpliktig vert sjølv sagt handtert i P360, med den digitale signaturløysinga frå DigDir som ligg til grunn der.

Vidare jobbar vi med å digitalisere gjenståande skjema der studentane enno må fylle ut papirskjema, gjennom bruk av Nettskjema. Dette ser vi i forhold til UH Sak som er forventa å bli implementert i 2025.

Vi er godt i gang med innføring av Tilsetting og arbeidskontrakt (TOA), som er ei heildigital løysning for oppretting, signering og utbetaling av midlertidige kontraktar med ei forhandsdefinert økonomisk ramme. Løysinga inkluderer oppretting av månadskontraktar, timekontraktar og oppdragskontraktar.

PowerBI som verktøy for å vidareforedle data er også eit initiativ vi har gått i gang med på tampen av 2023, og vi håper at vi gjennom dette initiativet kan forbetre innsikt i og samanstilling av data frå viktige kjelder som til dømes FS, SAP og Canvas.

Leiing og kultur for digital omstilling

Høgskulen har gjennom strategiplanen satsa på studentaktive lærings- og vurderingsformer. For å stimulere til dette har det vorte sett av midlar både til lisensar til programvare som skal stimulere til studentaktivitet og utviklingsmidlar til pilotprosjekt innan studentaktive lærings- og vurderingsformer. Det er Læringsverkstaden som har fått i oppgåve å forvalte midlane og støtte dei som får tildelt midlar.

Ved å satse på Læringsverkstaden som eit nav i den digitale omstillinga får høgskulen eit felles samlingspunkt som både gjer at ein får utnytta ressursbruken betre, får gitt studentar og tilsette betre støtte i den digitale kvardagen og ein arena for å dele erfaringar på tvers av organisasjonen.

Høgskulen har i 2023 også utvikla ei ny intranettløysing, som vil gjere at samhandlinga ved høgskulen vert betre.



Del V: Vurdering av framtidsutsikter

Dei overordna framtidsutsiktene for Høgskulen i Volda er gode. Høgskulen har dei siste 10 åra auka talet på studentar frå ca. 3.500 til ca. 4.250 og har ei god blanding av fulltidsstudentar studentar på samlingsbaserte studium og også studentar på reine nettstudium.

Møre og Romsdal er eit fylke som ligg under landsgjennomsnittet når det gjeld andel personar med høgare utdanning, og særleg gjeld det lange høgare utdanningar. Kandidatar frå utdanningane våre er etterspurt i arbeidsmarknaden, både regionalt og nasjonalt. Høgskulen i Volda har difor ei viktig regional, men også nasjonal rolle å spele også i framtida.

Høgskulen har teke på seg nye regionale oppgåver gjennom å drive lærarutdanning (PPU) i Kristiansund og har planar om å starte grunnskulelærarutdanning i samarbeid med Campus Kristiansund. Høgskulen samarbeider òg med regionale aktørar om å utgreie nye helsefaglege utdanningstilbod som sjukepleie og vernepleie. Det er søkt om studieplassar for å kunne drifte grunnskulelærarutdanninga i Kristiansund og dei helsefaglege utdanningstilboda i satsingsforslag utanfor ramme 2025.

Høgskulen har ein kultur for nøktern drift og har god kontroll på økonomien. Det har mellom anna medført at høgskulen har hatt eigne ressursar til nybygg og oppgradering av lokala for undervisning og forskning. Det aller meste av høgskulens bygningsmasse er oppdatert og vi har eit godt grunnlag for vidare utvikling. Høgskuleområdet og nærliggande areal er også svært etterspurt regionalt med vesentlege satsingar frå det offentlege, frå idretten og frå private aktørar. Høgskulen ønskjer å vere ein positiv samarbeidspart i dette arbeidet, blant anna gjennom engasjementet i Norsk Innovasjonssenter AS.

Utdanning

Søkjartala har vore nedgåande for mange av utdanningane vi driv, foreløpig har det ikkje vore ein like stor nedgang i talet på møtte studentar. Men, vi ser ei vridning i studentgrunnlaget der det er ein auke i opptekne studentar på nettstudium og kortare vidareutdanningsprogram, samtidig som det er ein nedgang i ein del av dei meir stadbundne gradsutdanningane våre.

Finansieringa vår er avhengig av at vi får studentar også til dei lengre gradsutdanningane våre. Her er kvalitet og attraktivitet nøkkelomgrep for korleis vi ser føre oss å arbeide med det framover. HVO har eit godt omdøme når det gjeld studiekvalitet, og dette ønskjer vi å bevare. Eit viktig steg her vert implementering av nytt kvalitetssystem. Det vert òg naudsynt å evaluere kjerneporteføljen

med tanke på økonomisk berekraft på lengre sikt. Her vil det vere fornuftig å vurdere å rasjonalisere innhaldet i ein del studieprogram for å gjere dei rimelegare og vurdere meir samarbeid på tvers. Dette vil kunne frigjere ressursar som kan nyttast til kvalitetsarbeid og skape rom for naudsynte omprioriteringar.

Eit anna viktig tiltak vil vere å legge til rette for at ein i nedgangstider kan omprioritere undervisningsressursar frå gradsutdanningane (kjerneporteføljen) til etter- og vidareutdanning (EVU), og dermed kunne bevare fagmiljø og gje handlingsrom til å tilby viktige samfunnsberande utdanningar når behova i samfunnet snur seg. Dette vil vere ein del av arbeidet styret tidlegare vedteke, nemleg at HVO skal lage ein delstrategi for EVU, der ein kartlegg og ser på EVU-tilbodet HVO har per i dag og korleis vi kan styrke dette i samarbeid med arbeidslivet i regionen.

Forskning

Den viktigaste satsinga for Høgskulen i Volda er arbeidet med oppstart av doktorgradsutdanninga i Utdanning, språk og kultur. Denne vart nett akkreditert av NOKUT og er høgskulen si første doktorgradsutdanning på eigen kjøp. Målet er at dei første stipendiatane skal ta til på denne utdanninga i løpet av 2025.

Doktorgrada vil vere eit viktig grep for å auke kvaliteten og omfanget på forskinga som skjer ved høgskulen. Forsking er ein viktig del av samfunnsoppdraget vårt. Fleire av institusjonane vi samanliknar oss med når det gjeld tal publiseringar og storleiken på eksterne forskingsmidlar har segla frå oss. Dette er eit område der høgskulen har som mål å styrke seg. Vi ser på oss sjølve som ein viktig kunnskapsleverandør innanfor dei fagområda institusjon dekker, regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Det er òg viktig for å sikre at vi held den faglege standarden som er kravd i utdanningane vi tilbyr, både med tanke på å at dei tilsette som underviser er i kunnskapsfronten og for å sørge for at vi følgjer det som er etterspurd i forskrifta for at utdanningane skal vere akkreditert.

For framtida til sektoren som heilskap ser vi at det vil verte viktigare å hente inn eksterne inntekter. Då er det naudsynt at vi har forskning av tilstrekkeleg kvalitet for å kunne nå opp i konkurransen om tildelingar på aktuelle nasjonale og internasjonale tildelingsarenaer.

Økonomi

Dei nye endringane i finansieringsmodellen til UH-sektoren opptar og HVO. Det vil kome store endringar i sektoren dei neste åra, og HVO må vere førebudd med tanke på dei økonomiske utsiktene. Det er sett i gang eit arbeid rundt HVO sin interne budsjettmodell som ser på konsekvensane for implementeringa av endringane i finansieringsmodellen knytt opp mot drift og dei prioriteringane HVO vil måtte ta for å nå dei strategiske måla.

Universitet?

Då høgskulestyret vedtok strategi for perioden 2022–2029, vart det sett som uråd å nå krava for å verte akkreditert som universitet i løpet av den perioden. No følgjer vi spent med på at det vert arbeidd med eit utkast til nye kriterium for universitetsakkreditering. I 2024 vil leiinga sonde korleis høgskulen måler seg med dei eventuelle kriteria og kva dei ulike miljøa tenker om ei mogleg universitetssatsing. Særleg med tanke på at det ligg an til at dei aller fleste andre statlege høgare utdanningsinstitusjonane anten er universitet eller arbeider for å verte det, så er dette eit spørsmål som har høg prioritet.

Budsjett 2024

Budsjettet for 2024 følgjer same budsjettmodell som høgskulen har nytta sidan 2007 med mindre justeringar. Styret vedtok for budsjett 2024 å redusere kostnadene med 10 mill. kroner for å dekke inn stipendiatkostnadene som overstig avsette midlar til dette formålet. Det er utført og HVO har no eit disposisjonsbudsjett som overstig løyvingstildelinga med 2,9 mill. kroner. Nedjusteringane av studieplassar, utfasing av rekrutteringsstillingar og usikkerheita i høve løns- og prisstigning er dei postane som får mest effekt på budsjettet for 2024. Dei strategiske satsingane i 2024 er i tråd med tidlegare satsingar. Framover må denne satsinga spissast enda meir. HVO arbeider med å få oversikt og forstå konsekvensane for dei endringane som vil kome i høve ny finansieringsmodell.



Del VI: Årsrekneskap 2023

Leiingskommentar 2023 for Høgskulen i Volda

1. Stadfesting

Rekneskapen gir eit dekkande bilete av den økonomiske verksemda i samsvar med regelverk om økonomi–styring i staten, rundskriv frå Finansdepartementet og krav frå Kunnskapsdepartementet, med opplysning om eventuelle avvik. Rekneskapen er registrert etter gjeldande prinsipp i den statlege rekneskapsstandarden (SRS) og presentert etter rekneskapsmal for UH-sektoren.

2. Avvik mellom periodisert budsjett og rekneskap, inkludert omtale av økonomisk drift

Rekneskapsåret 2023 har vore eit år med høg aktivitet på fag- og forskingsarbeid og stor aktivitet i organisasjonen elles.

Driftsresultatet for 2023 er på -55,9 mill. kroner. Dette er som planlagt og medfører at HVO har nytta avsetningar til planlagde investeringar, som er nærare beskrive i punkt 3 og 4. Budsjettert driftsresultat for 2023 er på -66,6 mill. kroner, som gir eit avvik på 10,6 mill., medan driftsresultatet for 2022 låg på 9 mill. kroner.

Driftsinntektene for 2023 ligg på 445,0 mill. kroner mot eit budsjett på 433,1 mill. kroner, ein auke på 11,9 mill. kroner. Auken i inntekter i forhold til budsjett er eit resultat av fleire forhold. HVO fekk tilleggsløyving på 9,3 mill. kroner i revidert nasjonalbudsjett til ekstraordinær prisjustering og kompensasjon knytt til arbeidsgivaravgift, høgare investeringar enn det vi hadde medtatt i budsjettet på 8,4 mill. kroner og høgare inntekter på bidrags- og oppdragsfinansiert verksemd (BOA) med 13,2 mill. kroner. Desse avvika er med på å gje HVO ein netto auke i inntekter i høve budsjett i 2023. I forhold til 2022-rekneskapen er driftsinntektene redusert med 41,5 mill. kroner. Reduksjonen frå 2022 er knytt til ein nettoeffekt av høge bokførte investeringar, høgare BOA-inntekter og ein generell auke i løyving.

Den samla bidrags- og oppdragsfinansierte (BOA) verksemda er for 2023 på 45,0 mill. kroner, som er 13,3 mill. kroner over budsjett og ein auke på 7,2 mill. kroner samanlikna med rekneskapen for 2022. Denne auken skriv seg frå høg BOA-aktivitet i 2023, men syner også innhenting av eit etterslep og ajourføring av fleire større fleirårige prosjekt. I tala ligg det tilskot til desentralisert studietilbod og auke i andre store prosjekt frå stat og oppdragsprosjekt. HVO har ein nedgang i prosjektinntekter knytt til fylke, NFR og EU-prosjekt.

Totale driftskostnader ligg på 501,0 mill. kroner, som er 1,4 mill. kroner over budsjett og 33,1 mill. kroner høgare enn 2022 nivået. Avviket mot budsjett i høve lønnskostnader er lågt, med eit avvik på 1,3 mill. kroner. Avviket skuldast sjukefråvær der ein ikkje tek inn vikarar. Lønnskostnadane er heile 33,4 mill. kroner høgare enn

i 2022, som blant anna skuldast fleire tilsette på HVO, mange stipendiatar i løp og eit høgt lønnsoppgjær.

Andre driftskostnader ligg over budsjett med 3,4 mill. kroner, men under 2022-nivået med 4,6 mill. kroner. Auka kostnader mot budsjett skuldast høge seminar- og reisekostnader og høgare IT-kostnader knytt til lisenskostnader. Reduksjonen i driftskostnader i høve fjoråret skuldast bortfall av leigekostnader på Hans Strøm-huset, som har vore under rehabilitering i heile 2023.

Det blir stadfesta at rekneskapen gir eit dekkande bilete av verksemda.

3. Utvikling i avrekna løyvingfinansiert verksemd

HVO har ved utgangen av 2023 bokført avsetningar på løyvingfinansiert verksemd på 42,0 mill. kroner. Samanlikna med 2022-tal der total avsetningar låg på 105,2 mill. kroner, gir dette ein reduksjon i avsetningane for løyvingbasert verksemd på 63,1 mill. kroner (60% reduksjon). Dette er i samsvar med planane HVO har hatt knytt til bruk av tidlegare avsette midlar. Midlane er nytta til oppgradering og vedlikehald av Hans Strøm-huset.

Avsetningane for 2023 er på eit tenleg nivå ut frå strategiane og planane til HVO (sjå tabell på side 33).

Ut frå tabellen kan HVO sette av 5% av total løyving, det vil seie 22,4 mill. kroner, til andre føremål. Avsetningane over 5% er avsett til investeringar og ligg ved årsskiftet på 19,6 mill. kroner. Denne avsetninga er høgare enn forventa. Midlane vil i all hovudsak nyttast i samsvar med campus- utviklingsplanen vidare. Ein oppdatert langsiktig investeringsplan vil vere godkjent av styret ved årets rekneskapsavslutning.

Avsetningane til andre føremål skal brukast til HVO sine langsiktige strategiske planar. HVO har i 2023 arbeidd med gjennomføring av handlingsplanar opp mot strategiplanen for 2022-2029. Her ligg mellom anna planar om oppstart av eit Ph.d.-studium, som ein forventar vert godkjend av styret i NOKUT 14. februar 2024, EVU-strategiarbeid og andre moglege nye studium, samt arbeid knytt opp mot næringsliv og offentleg sektor som ledd i arbeidet med å få realisert Norsk Innovasjonssenter AS.

Nedskalering av dei nye studieplassane og stipendiatstillingane vi fekk i RNB 2020, vil få ein vesentleg økonomisk effekt dei neste åra som HVO må førebu seg på. HVO opplever som resten av sektoren høg pris- og lønnsauke. Dette medfører at HVO må ha tett økonomisk oppfølging og gjere nødvendige prioriteringar i tida som kjem. Endringane i finansieringsmodellen frå 2025 vil ha høgt fokus i året som kjem.

Vi legger derfor meir tid og arbeid i oppdaterte økonomiske tal, prosjektstyring og andre prognosar gjennom året. I tillegg til å fokusere på andre viktige måltal for HVO.

Avsetninger til andre formål og investeringar fra Kunnskapsdepartementet	Bevilgning for 2023	Avsetning pr. 31.12.2023 i kr	Avsetning pr. 31.12.2023 i pst.
Avsetninger til andre formål	448 713	22 436	5,0 %
Avsetninger til investeringar	448 713	19 637	4,4 %
Sum avsetninger fra Kunnskapsdepartementet	448 713	42 073	9,4 %

4. Gjennomførte investeringar og planlagde investeringar i seinare periodar

Totalt er det bokført investeringar for 93,1 mill. kroner i 2023. Av dette har 20,0 mill. kroner gått til investeringar i normal drift, mellom anna oppgradering av undervisningsrom, fellesområde for studentar, mykje AV-utstyr og ordinære vedlikehaldsinvesteringar.

Prosjektet med rehabilitering og oppgradering av Hans Strømhuset vart ferdig i forhold til plan. Dei tilsette flytta tilbake i november 2023 og bygget teke i bruk av studentane i januar 2024. Dette har vore eit prosjekt der gjenbruk har vore sentralt både med tanke på bygningsmateriell, men og inventar og anna. HVO har hatt eit godt samarbeid med Statsbygg i prosjektet, og har finansiert om lag 61% av dei totale kostnadene av eigne oppsparte midlar. I bygget har HVO no fått nye funksjonelle undervisnings- og kontorareal, samt gode og framtidrette fellesareal for studentane. Vi har hatt god prosjektleiing i Statsbygg og ein entreprenør som har utført arbeidet med stor profesjonalitet. I 2023 er det kostnadsført 73,1 mill. kroner på prosjektet. Heile prosjektet har kosta HVO om lag 83 mill. kroner inkludert inventar og AV-utstyr.

HVO sin langsiktige investeringsplan vart framlagt og godkjent i styremøte på HVO i desember 2022. Ein oppdatert versjon vil leggast fram for styret i samband med godkjenning av årsrekneskapan for 2023. Investeringsbehovet og prioriteringane er vurdert ut frå campusutviklingsplanen som vart vedtatt av høgskulestyret i 2020.

Dei neste åra vil desse investeringane bli prioritert:

- Oppgraderingar kring undervisningslokale og spesialrom
- Fortsette arbeidet med etablering av gode fellesareal for studentane, både inne og ute

5. Revisor

Revisor for Høgskulen i Volda er Riksrevisjonen.

Volda, 7. mars 2024




Odd Helge Mjelle Tonheim
rektor og styreleiar



Randi Bergem




Roar Tobro




Nazamina Khan



Per Halse




Kjersti Kleven



Sindre Skarstein Fossmo



Randi Myklebust



Rasmus Stokke



Bjørn Gunnar Tafjord



Shazia Majid

Prinsippnote – SRS – Høgskulen i Volda

Generelt

Virksomhetsregnskapet er satt opp i samsvar med gjeldende statlige regnskapsstandarder (SRS).

Alle regnskapstall er oppgitt i 1000 kroner dersom ikke annet er særskilt opplyst.

Anvendte regnskapsprinsipper

Inntekter fra bevilgninger og inntekt fra tilskudd og overføringer

Inntekt fra bevilgninger og inntekt fra tilskudd resultatføres etter prinsippet om motsatt sammenstilling. Dette innebærer at inntekt fra bevilgninger og inntekt fra tilskudd resultatføres i takt med at aktivitetene som finansieres av disse inntektene utføres, det vil si samme periode som kostnadene påløper (motsatt sammenstilling).

Grunnbevilgning fra departementet som er ment å finansiere ordinære driftsaktiviteter er opptjent pr. 31.12 hvis ikke institusjonen eller departementet har satt konkrete og målbare krav til gjennomføring av aktiviteten. Bevilgning knyttet til konkrete oppgaver og investeringer som ikke er gjennomført på balansedagen, er klassifisert som ikke inntektsført bevilgning, og presentert i del III i note 15.

Overskudd fra bevilgningsfinansiert aktivitet er presentert som Avregnet bevilgningsfinansiert aktivitet i del C Statens kapital i balansen. Bidrag og tilskudd fra statlige etater og tilskudd fra Norges forskningsråd samt bidrag og tilskudd fra andre som ikke er benyttet på balansedagen, er presentert som annen kortsiktig gjeld på regnskapslinjen ikke inntektsført tilskudd og overføringer i balanseoppstillingen. Tilsvarende gjelder for gaver og gaveforsterkninger.

Den andelen av inntekt fra bevilgninger og tilsvarende som benyttes til anskaffelse av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler som balanseføres, inntektsføres ikke på anskaffelsestidspunktet, men avsettes i balansen på regnskapslinjen statens finansiering av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler.

I takt med kostnadsføringen av avskrivninger av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler inntektsføres et tilsvarende beløp fra avsetningen statens finansiering av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler. Periodens inntektsføring fra avsetningen resultatføres som inntekt fra bevilgninger. Dette medfører at kostnadsførte avskrivninger inngår i virksomhetens driftskostnader uten å få resultateffekt.

Inntekter fra transaksjonsbaserte inntekter

Transaksjoner resultatføres til verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet. Inntekt resultatføres når den er opptjent. Inntektsføring ved salg av varer skjer på leveringstidspunktet hvor overføring av risiko og kontroll er overført til kjøper. Salg av tjenester inntektsføres i takt med utførelsen.

Kostnader

Utgifter som gjelder transaksjonsbaserte inntekter er kostnadsført i samme periode som tilhørende inntekt.

Utgifter som finansieres med inntekt fra bevilgning og inntekt fra tilskudd og overføringer, er kostnadsført i samme periode som aktivitetene er gjennomført og ressursene er forbrukt.

Pensjoner

SRS 25 Ytelser til ansatte legger til grunn en forenklet regnskapsmessig tilnærming til pensjoner. Statlige virksomheter skal ikke balanseføre netto pensjonsforpliktelser for ordninger til Statens pensjonskasse (SPK).

Vi har resultatført arbeidsgiverandelen av pensjonspremien som pensjonskostnad. Pensjon er kostnadsført som om pensjonsordningen i SPK var basert på en innskuddsplan.

Fra 2022 har SPK lagt om pensjonspremiemodellen for statlige virksomheter. Fra 1. januar 2022 betaler virksomheten en virksomhetsspesifikk hendelsesbasert arbeidsgiverandel som del av pensjonspremien. At premien er virksomhetsspesifikk, betyr at den beregnes ut fra den enkelte virksomhets forhold, ikke for grupper av virksomheter samlet. At den er hendelsesbasert, betyr at den tar hensyn til de faktiske hendelser i medlemsbestanden i virksomheten, slik at premiereserven er ajour i forhold til medlemmets opptjening. Medlemsandelen på to prosent av lønnsgrunnlaget er uendret.

Leieavtaler

Vi har valgt å benytte forenklet metode i SRS 13 om leieavtaler og klassifiserer alle leieavtaler som operasjonelle leieavtaler.

Klassifisering og vurdering av anleggsmidler

Anleggsmidler er varige og betydelige eiendeler som disponeres av virksomheten. Med varige eiendeler menes eiendeler med utnyttbar levetid på 3 år eller mer. Med betydelige eiendeler forstås eiendeler med anskaffelseskost på kr 50 000 eller mer. Anleggsmidler er balanseført til anskaffelseskost fratrukket avskrivninger.

Kontorinventar og datamaskiner (PCer, servere m.m.) med utnyttbar levetid på 3 år eller mer er balanseført som egne grupper.

Varige driftsmidler nedskrives til virkelig verdi ved endret anvendelse eller utnyttelse, dersom virkelig verdi er lavere enn balanseført verdi.

Egenutvikling av programvare

